

Vik IL

# ► Kunnskapsgrunnlag

Vik skisenter

Oppdragsnr.: 52408217 Dokumentnr.: 01 Versjon: J-03 Dato: 2025-08-21



**Oppdragsgjevar:** Vik IL  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Oddbjørn Ese  
**Rådgjevar:** Norconsult Norge AS, Sogndal  
**Oppdragsleiar:** Johanne Broch Hauge  
**Andre nøkkelpersonar:** Kari-Anne Strandman

J-03	2025-08-21	Endeleg rapport.	JohHau	KaStra	JohHau
B-02	2025-06-27	Revisjon og tillegg etter fyrste gjennomgang hjå Vik IL. Til ny gjennomlesing hjå Vik IL	JohHau		
B-01	2025-04-16	Dokument oppretta	JohHau	KaStra	JohHau
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## ❖ Utgangspunkt for rapporten

Norconsult har fått i oppdrag frå Vik idrettslag å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag som tek føre seg utfordringar, moglegheiter og framtidsutsikter for Vik skisenter. Rapporten byggjer mellom anna på planar i Vik kommune, samtalar og innspel frå idrettslaget, erfaringar frå andre skisenter, synfaringar, dialog og råd frå skiskyttarforbundet, samt relevante rettleiarar. Tilrådingane i kunnskapsgrunnlaget er Norconsult sine råd for framtidretta drift, til Vik idrettslag, og er fundamentert på det som kjem fram av denne rapporten.

### ➤ Samanfating og tilråding

Vik skisenter er eit viktig idretts- og friluftsanlegg for Vik kommune, med stor verdi for både organisert og uorganisert aktivitet. Anlegget har eit breitt spekter av fasilitetar og brukarar, og spelar ei sentral rolle i folkehelse, rekruttering til idrett og sosialt fellesskap. Samstundes står skisenteret ovanfor store utfordringar.

### ➤ Utfordringar

#### **Drifts- og organisasjonsutfordringar**

Anlegget driftast av Vik IL med stor frivillig innsats, det gir samhald og sterk lokal forankring, men er samstundes utfordrande på grunn av stor slitasje på eldsjeler og gjer drifta sårbar. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere til dugnadsarbeid, noko som fører til mykje arbeid og ansvar på nokre få personar.

Dårleg rekruttering gir mangel på kontinuitet i kompetanse, då fleire av dagens eldsjeler etter kvart er på veg ut av sine roller. Manglande kapasitet og kompetanse gjer det vanskeleg å oppretthalde dagens aktivitetsnivå. Drifta er ikkje berekraftig på sikt utan endringar i organisering og finansiering.

#### **Økonomiske utfordringar**

Drifta går med årlege underskot på mellom 500 tusen og 1 million kroner, noko som er økonomisk tyngjande for Vik IL. Store deler av sponsorinntektene går med til å dekke underskotet, og det er lite rom for nye investeringar utan ekstern støtte. Ein er heilt avhengig av

dugnad og sponsorinntekter for å halde drifta i gang.

I tillegg til økonomiske utfordringar i dagleg drift er det behov for store reinvesteringar i alpinanlegget og kostnader knytt til nedlegging av hoppanlegg.

#### **Tekniske og fysiske utfordringar**

Hoppanlegget er i dårleg stand og lite brukt, det vurderast difor nedlagt. Det er behov for ny garasje til trakkemaskin og betre lagringsfasilitetar. Tidvis snømangel gjer vintersesongen sårbar utan snøproduksjonsanlegg. - aukande i takt med klimaendringane.

#### **Formelle og juridiske utfordringar**

Utdatert reguleringsplan og gamle grunneigaravtalar avgrensar moglegheitene for utvikling. Grunneigaravtalar er uklare og har for kort levetid til å møte krav for støtteordningar. Manglande avklaringar gir usikkerheit ved nye tiltak.

### ➤ Framtidsutsikter

Vik skisenter har eit solid fundament og stort potensial, men det krev målretta innsats og samarbeid for å sikre ei berekraftig framtid.

Det bør vurderast ei ny organisering av drifta, til dømes gjennom eit eige driftsselskap med fleire aktørar på eigarsida.

For å sikre vidare drift og utvikling bør det utarbeidast ny reguleringsplan og oppdaterte grunneigaravtalar som kan opne for meir fleksibel drift og bruk, irekna strategisk satsing på inntektsgivande aktivitetar/arrangement. Satsing på Vik skisenter sin spesialitet, snø på fjellet og turre rullerløyper i skisenteret, kan vera eit godt kort dersom klimascenarioa med færre skidagar vert ein realitet.

Med rett satsing og samarbeid kan skisenteret bli ein berekraftig og framtidretta arena for idrett og folkehelse i Vik. Ein reguleringsplan er fundamentet for bruk og utvikling av eit område. Utarbeiding og vedtak av ein ny og meir tilpassa reguleringsplan er avgjerande for framtidsutsiktene til Vik skisenter.

## ► Innhald

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>7</b>
1.1. Føremål med rapporten .....	8
<b>2. ETABLERING AV VIK SKISENTER.....</b>	<b>9</b>
2.1. Historikk.....	9
2.2. Tilskot.....	10
<b>3. DAGENS BRUK.....</b>	<b>11</b>
3.1. Brukarane .....	12
3.2. Bruk av skisenteret, trening og konkurransar .....	14
3.3. Erfaringar .....	15
3.4. Annan bruk .....	15
<b>4. FORMELT GRUNNLAG FOR ANLEGGET .....</b>	<b>16</b>
4.1. Arealplanar .....	16
4.2. Gjeldande kommuneplan .....	16
4.3. Plan for friluftsliv.....	17
4.4. Gjeldande reguleringsplan.....	17
4.5. Ny reguleringsplan.....	18
4.6. Føresegner i ein ny reguleringsplan .....	18
4.7. Arealdisponering.....	19
4.8. Reguleringsplan og eigedomstilhøve .....	23
4.9. Tiltråding grunneigaravtalar .....	23
<b>5. UTFORMING AV ANLEGG OG STATUS I SKISENTERET .....</b>	<b>26</b>
5.1. Generelt.....	26

<b>5.2. Langrennsløyper</b> .....	<b>26</b>
<b>5.3. Rulleskiløyper - Langrenn og skiskyting</b> .....	<b>28</b>
<b>5.4. C-lisens og nasjonale arrangement</b> .....	<b>29</b>
<b>5.5. Søknad om arrangement</b> .....	<b>29</b>
<b>5.6. Alpinanlegg</b> .....	<b>31</b>
<b>5.7. Hoppanlegg (K25/40/60)</b> .....	<b>34</b>
<b>6. UTSTYR OG MASKINPARK</b> .....	<b>37</b>
<b>6.1. Maskiner og tilhørende utstyr</b> .....	<b>37</b>
<b>6.2. Diverse</b> .....	<b>37</b>
<b>7. BYGG OG KONSTRUKSJONAR</b> .....	<b>38</b>
<b>7.1. Fellesfunksjonar</b> .....	<b>38</b>
<b>7.2. Alpinanlegg</b> .....	<b>41</b>
<b>8. ØKONOMI</b> .....	<b>42</b>
<b>8.1. Resultatrekneskap</b> .....	<b>42</b>
<b>8.2. Investeringar</b> .....	<b>42</b>
<b>9. DRIFT</b> .....	<b>43</b>
<b>9.1. Organisering og driftsform</b> .....	<b>43</b>
<b>9.2. Omfang</b> .....	<b>43</b>
<b>9.3. Mannskap</b> .....	<b>43</b>
<b>9.4. Driftsplan</b> .....	<b>43</b>
<b>10. SKJØTSEL OG VEDLIKEHALD</b> .....	<b>45</b>
<b>10.1. Prioritering og nivå</b> .....	<b>45</b>
<b>10.2. Kartfesting av driftsoppgåver og -omfang</b> .....	<b>46</b>
<b>11. UTVIKLING</b> .....	<b>50</b>
<b>11.1. Bygg</b> .....	<b>50</b>
<b>11.1. Snøproduksjon</b> .....	<b>50</b>


<b>12. ALTERNATIVE AKTIVITETAR.....</b>	<b>53</b>
12.1. Sykkel .....	53
12.2. Frisbeegolf .....	53
12.3. Stiar og turveggar .....	53
12.4. Naturløyper .....	53
<b>13. BEREKRAFT/KLIMA.....</b>	<b>54</b>
13.1. Temperatur, nedbør og skidagar .....	54
13.2. Utslepp .....	55
<b>14. SAMANFATTING, KONKLUSJONAR OG TILRÅDING .....</b>	<b>56</b>
14.1. Utfordringar .....	56
14.2. Optimalisering .....	58
14.3. Framtidsutsikter .....	58
<b>15. GRUNNLAGSMATERIALE, KJELDER, VEGLEIARAR .....</b>	<b>59</b>
15.1. Skytebane og våpen .....	59
15.2. Alpinanlegg, særskilt ansvar .....	59
15.3. Utforming .....	59
15.4. Universell utforming .....	59
15.5. Tilskot.....	59
15.6. Arrangement.....	59
15.7. Snøproduksjon.....	60
15.8. Formelle planar .....	60
15.9. Lenkjer .....	60
15.10. Grunnerverv.....	60
15.11. Gode idrettsanlegg .....	60

## 1. Innleiing

Vik skisenter vart bygd kring år 2000-2010, og er eit kompakt anlegg med hoppbakkar, arena for langrenn og skiskyting, alpinbakke, lysløype og asfaltert trasé for sommarbruk.

laget sin eigen aktivitet retta mot born og unge, men like viktig som eit generelt folkehelseiltak til innbyggjarane, samt fremje bulyst og tilflytting i heile Vik kommune.

Anlegget har brukarar i alle aldrar både sommar og vinter. Tilbodet ved skisenteret er viktig for



Figur 1.1-1 Oversiktskart



Figur 1.1-2 3D-kart Vik skisenter

## 1.1. Føremål med rapporten

### 1.1.1. Kunnskapsgrunnlag

Vik IL opplever drifta av Vik skisenter som utfordrande både med tanke på økonomi, arbeidsomfang og kompetansebehov. Styret i Vik IL ser at det er trong for eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i interne drøftingar kring framtida til Vik skisenter.

Grunnlaget vil også vera eit nyttig verktøy i samband med drøftingar med eksterne samarbeidspartar, slik som Vik kommune, sponsorar, finansieringskjelder og grunneigarar, samt ved innspel til offentleg planarbeid.

### 1.1.2. Realitetsorientering

Både økonomisk og praktisk er Vik skisenter svært krevjande for Vik idrettslag. Idrettslaget har bygt ut Vik skisenter på Kålsete i eigen regi, og har høge kapitalkostnadar knytt til investeringane (sjå meir om dette i kapittel 8.) I tillegg måtte laget i 2022 investere i ny trakkemaskin som har gitt laget ytterlegare auka kapitalkostnadar. Vik Idrettslag eig og driftar installasjonane ved Vik skisenter, på leigd grunn.

Skisenteret har vore godt vedlikehalde, men re-investeringsbehov og større vedlikeholdstiltak er føreståande.

Tek ein omsyn til kapitalkostnadane (renter og avskrivningar/avdrag) går drifta av Vik skisenter med stort underskot, årleg mellom 0,5 og 1 mill. kroner. Dette er tyngande for laget, og avgrensar laget si evne til å skape aktivitet og gode tilbod til innbyggjarane i Vik kommune.

Dersom aktiviteten ved skisenteret skal haldast oppe som i dag er det lite rom for kostnadsreduksjonar, ein må difor sjå på inntektsmoglegheitene og om dette gir grunnlag for å forsvare vidare drift av skisenteret.

Drifta av skisenteret gir laget ein del inntekter, men potensialet er truleg større, særleg knytt til sommardrifta. Dette potensialet ynskjer idrettslaget å realisere, men dagens avtalar og plandokument gir ikkje tilstrekkeleg mogleikheitsrom for slik drift.



Bilete 1.1-1 Vik Skisenter stadion. Foto: Bystøl AS

## 2. Etablering av Vik skisenter

### 2.1. Historikk


I kommuneplanen vedteken i september 2000 vart området på Kålsete sett av som område for skianlegg. Eksisterande hoppanlegg i Hovsåsen var utdatert, skiløypene på Tistel var ikkje breie nok for både skøyting og spor til klassisk stil, og skimiljøet hadde gjennom ei tid vurdert ulike alternative lokasjonar. På Kålsete vart det identifisert moglegheiter for eit svært kompakt skianlegg, med nær alle skiidrettar samla. Utforming av arena, løyper og skibakkar vart

gjort i nært samarbeid med anleggskonsulentar i ski- og skiskyttarforbundet. Reguleringsplan for Vik Skisenter vart vedteken i desember 2001.

Siste del av anlegget stod ferdig i 2010, og har i dag 300 m skitrekk, 5 km lysløype der 3 km er asfaltert for sommarbruk, samt ei skihytte med kjøkken/kiosk, opphaldsrom og overnattingskapasitet for om lag 30 gjester.



Figur 2.1-1 Stadionområde. Foto: Bystøl AS



Figur 2.1-2 Oversiktskart Vik Skisenter

## 2.2. Tilskot

Ei total kalkyle frå 2006 viser følgjande finansiering. Det vart teke opp eit pantelån i Vik Sparebank som mellomfinansiering av spelemidlar inntil utbetaling frå Fylkeskommunen og for den delen av utgiftene som ikkje var finansiert gjennom andre kjelder.

Oversikt over tilskot er vesentleg med tanke på drift, vedlikehald og utvikling av anlegget. Det

er mellom anna krav om at anlegg som har fått spelemiddelstøtte skal vera operative minst 30 år etter ferdigstilling. Eit anlegg som ikkje er i drift er per definisjon nedlagt, og det vert krav om å tilbakebetale deler av spelemidlane. Ein må søkje kulturdepartementet om nedlegging. Ferdig anlegg hadde ein total kostnad på om lag 27 millionar kroner.

PLANAR	TOTALKALKYLE	DIREKTE UTGIFTER HITTLIL	GJENSTÅANDE DIREKTE UTGIFTER	TIPPE- MIDLAR	TILSAGN OM STØTTE	DUGNAD	RABATTAR	KONTANT- STRAUM IKKJE FINANSIERT
<b>PRIORITERTE PROSJEKT</b>								
<b>FERDIGE PROSJEKT</b>								
Nærmiljøanlegg, inkl. tautrekk	1 483 724	725 098	0	600 000	50 000	343 850	215 750	75 098
LYS-Troll-løypa	607 997	0	0	0	0			0
LYS-Skileik	226 400	12 872		0	12 872	70 000	311 879	0
Langrennsløype 3km, inkl arena	2 101 563	1 109 005		700 000	349 673	524 500	441 250	59 332
LYS-Langrenn	1 155 090	385 030	0	385 030		360 000	410 060	0
Skiskyting	2 427 080	1 825 359		700 000	1 127 040	328 900	315 200	-1 681
LYS-Skiskyting	1 196 076	398 692	0	398 692		335 000	462 384	0
Skitrekk for alpin	2 637 500	1 781 971		700 000		822 400	12 000	1 081 971
Køyrebu-alpint		47 355						47 355
<b>PROSJEKT SOM ER UNDER ARBEID</b>								
K 25 Hoppbakke	2 120 388	675 132	256 055	700 000	231 188	803 100	386 100	-1
K 40 Hoppbakke	2 127 353	626 043	121 860	700 000	9 227	896 500	482 950	38 676
K 60 Hoppbakke	2 103 690	643 270	104 920	700 000		871 200	484 300	48 190
LYS-Hoppbakkar	1 439 446	57 970	421 845	479 815		482 100	477 531	0
Alpint	1 026 000	56 370	285 630	342 000		535 500	148 500	0
LYS-Skitrekk / Alpint	842 500		280 830	280 830		407 470	154 200	0
Bygningar: Varmestove og lager	3 500 000	598 312	2 439 600	700 000	740 000	826 200	234 200	1 597 912
<b>IKKJE PÅBEGYNT</b>								
Asfaltløype	1 664 200		873 500	554 730		364 200	426 500	318 770
<b>Sum prioriterte prosjekt</b>	<b>26 659 007</b>	<b>8 942 479</b>	<b>5 596 635</b>	<b>7 941 097</b>	<b>2 520 000</b>	<b>7 970 920</b>	<b>4 962 804</b>	<b>3 265 622</b>

Figur 2.2-1 Kalkyle frå 2006

### 3. Dagens bruk



### 3.1. Brukarane

For å leggje til rette for best mogleg drift og utvikling må ein vite kven brukarane av anlegget er. Korleis ein skal prioritere ressursbruk heng saman med samansetjinga av brukarmassen.

Dessutan er det vesentleg å kunne gjere greie for brukargruppe ved søknad om stønadsmidlar og som argumentasjon inn i politiske prosessar.

I tillegg til organiserte aktivitetar i regi av ski- og skiskyttargruppa, spelar skianlegget ei viktig rolle i friluftslivet i området, og det det tiltrekker både born og vaksne.

#### 3.1.1. Alpinbakken/skitrekking – uorganisert aktivitet

Skitrekking er populært, særleg blant born, og er tilgjengeleg for bruk laurdagar og sundagar, samt kveldsope på tysdagar. I jule-, vinter- og påskeferien er det egne opningstider.

Mellom 50 og 100 born brukar skitrekking på dagar med gode snøtilhøve. Brukarane nyttar både nedfartane i sjølve alpinbakken, samt bakkene i hoppanlegget som ligg like ved. Aktiviteten har stort preg av spontan skiglede og er eit svært viktig supplement til den organiserte aktiviteten i idrettslaget.

Mange brukarar av alpinbakken deltek ikkje i organiserte aktivitetar, dette tilbodet er difor ein viktig arena for fysisk aktivitet og motorisk trening for desse brukarane.

Lavvoen som står like ved er også eit samlingspunkt, der ein i pausar kan varma seg og dele eit måltid med vener.

#### 3.1.2. Langrennsløypene – uorganisert aktivitet

Løypene blir nytta både av dei som ynskjer enkle skiturar i vakkert vinterterreng, og av mosjonistar som er ute etter god fysisk trening.

Langrennsløypene har stor verdi for folkehelsen i kommunen. Fysisk aktivitet i form av langrenn gir mange helsefordelar, som betre kondisjon, styrking av muskulatur og betre psykisk helse. Tur- og mosjonslangrenn er ein lågterskelaktivitet som kan tilpassast alle slags brukargrupper, uansett alder og fysiske føresetnader, og er soleis eit inkluderande aktivitetstilbod.

Å legge til rette for eit levande langrennstilbod er difor eit svært relevant tiltak for å fremje folkehelse i kommunen samt fremje bulyst og profilere Vik kommune med attraktive aktivitetstilbod.

Bruken av løypene har også ein tydeleg sosial dimensjon, folk møter kvarandre ute i løypene og ved skihytta. Dette styrkar ikkje berre enkeltindividet, men bidreg også til fellesskap og trivsel.

Ved å halde fokus på godt preparerte løyper, god tilgjenge for alle og eit trygt miljø for aktivitet, kan skianlegget halde fram med å vere ein viktig arena for helse, friluftsliv og fellesskap.

#### 3.1.3. Vik IL Ski og Skiskyting

Den desidert største organiserte brukargruppa av skiskyttaranlegget er Vik IL Ski og Skiskyting, med om lag 45 aktive skiskyttarar. Tal aktive varierer noko frå år til år, men med ei jamleg auke. Det har vore særskilt god rekruttering frå 2019 til i dag, inkludert tida under pandemien då veldig mange andre klubbar opplevde nedgang i aktivitet. Dei siste åra har Vik IL vore den største klubben i Hordaland skiskyttarkrins.

Innan idrettslaget er det dei yngste brukarane som utgjer størsteparten av både aktiviteten og medlemsmassen.



Bilete 3.1-1 Treningskveld. Foto: Vik IL

Til sesongen 24/25 heva Vik IL nedre aldersgrense for deltaking i organisert skiskytingsaktivitet frå 7 til 8 år, då det er utfordrande å handtere mange nybyrjarar samstundes. Noregs skiskyttarforbund tilrår oppstart tidlegast ved 8 årsalder. Idrettslaget opplever, til liks med mange

andre idrettslag, at det er vanskeleg å halde på utøvarane når dei vert 13 år og eldre.

Aktive i organisert ski- og skiskytingsaktivitet per 03.02.2025:

### Senior

- 1 person som satsar
- i tillegg 1-2 seniorar som er med på enkelte konkurransar.

### Junior

- 4 personar som satsar. 2 av desse går på NTG-Geilo, og 2 går på skilinja på Voss Videregående skule.
- 1-2 juniorar deltek på enkelte konkurransar.

### Rekrutt:

- J/G 16 år – 2 aktive
- J/G 15 år – 1 aktive
- J/G 14 år – 1 aktive
- J/G 13 år – 2 aktive
- J/G 12 år – 4 aktive
- J/G 7-11 år – om lag 30 aktive

#### 3.1.4. Andre brukarar:

Det har tradisjonelt vore stor aktivitet i Vik skisenter knytt til samlingar for landslag, team, krinslag og rekruttlag. Til dømes har fleire landslag frå Tsjekia, Italia og Noreg vore på samling her. Under pandemien var det stille. Aktiviteten har teke seg noko opp i etterkant, men det er ikkje så stor aktivitet som tidlegare.


Det er årleg MOT-samling for Vestland fylke i regi av NSSF, og krinslagssamling for Hordaland skiskyttarkrins, i tillegg til andre lag/team.

Vik IL tilbydde tidlegare sommarski på Vikafjellet i tillegg til fasilitetane i skisenteret. Når tilhøva låg til rette for det kunne utøvarar gå på ski på fjellet på dagtid og rulleski i skisenteret på kveldstid. Dette var eit attraktivt og svært populært tilbod, mellom anna hjå ulike landslag.

Trass populariteten for sommarski har ikkje Vik IL tilbydd dette etter pandemien, då det er svært arbeidskrevjande. Alt arbeid vert utført på dugnad og det vert stor slitasje på eldsjeler som må bruke mykje tid på tilrettelegging.

Anlegget for skiskyting har vore sporadisk leigd ut til folkehøgskular og til teambuilding for bedrifter. Slik aktivitet kan generere inntekter, men det er små summar og det vert som regel

naudsynt med dugnadsinnsats knytt til slike aktivitetar på kveldstid. Dette var eit attraktivt og svært populært tilbod, mellom anna hjå ulike landslag.



Bilete 3.1-2 Treningssamling med Eldar IL. Foto: Vik IL



Bilete 3.1-3 Treningssamling med Eldar IL. Foto: Vik IL



Bilete 3.1-4 Treningssamling med Eldar IL. Foto: Vik IL

## 3.2. Bruk av skisenteret, trening og konkurransar

Årstid/ sesong	Aktivitet	Gruppe	Mengd
Vinter: Skiskyting og langrenn	Skiskyting, organisert trening	Yngste gruppe - eldste gruppe	2 x 2-2,5 timar per veke. Oktober-april
	Skiskyting, eigentrening på standplass		4-5 gonger per veke
	Skikarusell for dei yngste kvar vinter. Ofte lagt til helg, og gjerne aktivitetar saman med barnas turlag. Populært tiltak, lågterskel.	4-10 år	Helg. Skikarusell har deltaking på 30–60 påmelde deltakarar kvar gong.
	Skulane i Vik nyttar skianlegget, inkludert fasilitetar.	6-16 år	1-2 veker per sesong, avhengig av snøtilhøve.
	Skileik	4-10 år	Tilrettelegging for skileik når det er forhold til det.
	Trim og trening, folkehelse.	Yngre og eldre	Stor aktivitet ved gode snøforhold. Inkluderer også tilrettelagt opplegg for flyktingar.
	Konkurrans skiskyting og langrenn. Krinsmeisterskap og landsdelsmeisterskap.	Alle aldersklassar	2-4 renn skiskyting Langrenn, minst 1 renn kvar vinter.
	NM skiskyting	Junior og senior	Har arrangert 1 meisterskap
	NM i hundekøyring i samband med NM vinter.		Har arrangert 1 meisterskap
Vinter: alpint og hopp	Alpint: Populært og billig aktivitetstilbod. Liten bakke med stor aktivitet når det er snø.	Born og unge	Stor aktivitet ved gode snøtilhøve. Borna kjem tidleg og held på til anlegget stengjer.
	Hopp: Det er lagt til rette for fleire mindre bakkar i nærmiljøanlegget ved alpinbakken. Desse har vore preppa saman med alpinanlegg for å tilby lågterskel for å få opp interessa for hopp.	Born og unge	Ingen aktivitet per 2025. Ingen aktive hopparar i Vik IL.  Det har gjennom åra vore arrangert fleire hopprenn i dei minste bakkane (opp til K-15), men ein har ikkje lykkast med å etablere eit hoppmiljø. Eit fåtal regionale hopprenn arrangert i dei store bakkane (K-25-60) sidan anlegget vart bygd.
Sommar	Rulleskikonkurransar	Junior og senior	Har arrangert 2 NM i sommar-skiskyting (rulleski)

Figur 3.2-1 Oversikt bruk av skisenteret

### 3.3. Erfaringar

Alle noregsmeisterskap har vore store suksessar, både arrangementsgjennomføring og økonomisk, med veldig god reklame for Vik og regionen. NM vinter, inkludert hundekøyring, vart dekkja fult ut av NRK. NM sommar vart delvis dekkja av TV2 og NRK. Ved store arrangement er det OK fasilitetar til parkering, men lite tilbod for overnatting i Vik.

Vik IL er ein ettertrakta arrangør, både hjå krinsen og NSSF. Idrettslaget stiller med eit profesjonelt drilla mannskap. Skiskyttargruppa har ofte ambisjonar om å arrangera fleire lokale renn, både ski og rulleski.



Bilete 3.3-1 KM i skiskyting Foto: Vik IL



Bilete 3.3-2 KM i skiskyting. Foto: Vik IL

Arrangement er, som alt anna i skisenteret, avhengig av dugnad. Ein ser at eldsjeler nyttar

store deler av fritida si på idretten haust og vinter, og treng pause når det vert vår og sommar. Det vert difor få arrangement i den perioden.



Bilete 3.3-3 KM i skiskyting. Foto: Vik IL

### 3.4. Annan bruk

Området i og omkring Vik Skisenter er mykje brukt av familiar året rundt. Det er grilling i lavvoen, rulleskøyting, sykling og annan leik i anlegget, samt ein utfartsstad for turar i området, blant anna stiar opp til Vikafjellet og merka sti til Dagsturhytta.



Bilete 3.4-1 Hygge i lavvoen

## 4. Formelt grunnlag for anlegget

### 4.1. Arealplanar

Kommuneplan og reguleringsplan er styrande for arealbruken i området. Det er viktig å sikre areal til anlegget gjennom formelle planar, særskilt gjennom arealdelen i kommuneplanen. Her må Vik skisenter vere på ballen ved utarbeiding av revisjonar og nye planar, både for å sikre dagens anlegg og for å skape moglegheitsrom for utvikling. Dessutan må anlegget vera ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet for å ha rett til spelemiddelstønad, i følgje forskrift om tildeling av spelemidlar per 1. januar 2023.


Kommunedelplanen er grunnlaget for å utarbeide reguleringsplanar på detaljert nivå. Vedtekte reguleringsplanar er juridisk bindande og eit naudsynt dokument for å utarbeide gode grunneigaravtalar.

Areal til skiløyper og skiskyting, inkludert hopp- og alpinbakke, må sikrast gjennom føresegner til

reguleringsplan. Friluftsløva gir moglegheit til fri ferdsel på ski og til fots på frosen mark, men dette er ikkje tilstrekkeleg for eit skianlegg.

### 4.2. Gjeldande kommuneplan


Reguleringsplanar og grunneigaravtalar må avklare og sikre moglegheit til aktuelle terrenginngrep, til dømes planering av løypetrasé, tilkomstvegar, parkeringsareal, permanente bygningar, framføring eller tilgjenge til straum og vass- og kloakkanlegg. I gjeldande kommuneplan for Vik kommune - arealdel 2024-2035 er heile skisenteret inkludert i arealformålet idrettsanlegg (merkt IDR4 på plankartet). Dette gir moglegheit for mindre tiltak utan reguleringsplan, mellom anna opparbeiding og rydding av skiløyper og stiar og mindre anlegg for idrett og friluftsliv.



Figur 4.2-1 Utklipp frå kommunedelplan vedteken 2024-11-04. Henta frå kommunekart.com 2025-02-24

### 4.3. Plan for friluftsliv

Vik kommune har gjennomført kartlegging av friluftslivsområde, vist i plan for friluftsliv. Kartlegginga vert nytta som grunnlag i arealplanlegging i kommunen. Tildeling av spelemidlar føreset (per 01.01.2025) at tiltak det er søkt om tilskot til er del av ein slik plan.



Figur 4.3-1 Utklipp frå plan for friluftsliv. Henta frå kommunekart.com 2025-02-24

### 4.4. Gjeldande reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan vart vedteken i 2001, og må sjåast som utdatert i samband med utvikling og ev. utbygging i området. Føresegnene er enkle, det er mellom anna gitt føringar for storleik, plassering og utforming av bygg. Vidare er det føringar for terrenginngrep og tilstelling av råka areal, samt tilhøve for beitedyr. Fleire løypetraséar ligg utanfor reguleringsplanen, tilgang til dette arealet må sikrast gjennom avtalar, sjå område merkt med raudt

på plankartet nedanfor. Det bør utarbeidast ein ny reguleringsplan for området, som inkluderer alt naudsynt areal for dagens situasjon, og eventuell utvikling av skisenteret. I ny kommuneplan, av 2024-11-04, er det lagt inn monaleg areal til idrettsanlegg i området, både i og ikring skisenteret. Føresegnene i reguleringsplanen omfattar område for trafikkføremål (T1), fareområde skytebane (FS) og friområde (F1).



Figur 4.4-1 Gjeldande reguleringsplan for Vik skisenter

#### 4.5. Ny reguleringsplan

Som omtala i kapittel 1.1.2 er skisenteret avhengig av inntekter for å halde fram med drifta. Vik IL ser potensiale innan utleige av sommaranlegget, gjerne i kombinasjon med sommarski på Vikafjellet, til landslag og andre lag. Dette potensialet ynskjer laget å realisere, men sommardrifta er problematisk på mange måtar særleg i høve til grunneigarane sin rettmessige bruk av arealet som beiteområde m.m. Vik IL ser og eit potensiale i å arrangere nasjonale renn med jamne mellomrom. Desse arrangementa har gitt gode inntekter, men føreset mykje arbeid og dugnadsinnsats.

For å avklare arealbruken på ein tydelegare måte enn i dag bør det gjennomførast nyregulering av området.

Siktemålet er at ny reguleringsplan på ein tydeleg måte skal synleggjera aktuelle tiltak som idrettslaget ynskjer å gjennomføra, samt rettar og plikter i bruken av området. Gjennom reguleringsprosessen vil grunneigarane få høve til å synleggjere sine behov, samt vurdere aktuelle tiltak som kan tilfredsstillere deira behov for bruk av området. Sjå meir i kapittel 4.8

#### 4.6. Føresegner i ein ny reguleringsplan

Dette er ikkje ei uttømmende liste, men eit utval av tema som er viktige for å sikre stabilitet og moglegheiter til drift og utvikling.

##### § Turveg

Turvegar skal vera opne for allmenn ferdsel.

##### § Parkering

Innanfor areal avsett til parkering er det tillate å leggje til rette for parkering. Områda skal vera velordna og tiltalende.

Det skal leggjast til rette for minimum 3 HC-parkeringsplassar. HC-plassane skal merkast med skilt.

Innanfor formål avsett til parkering kan det arrangerast ulike mellombelse arrangement. Til dømes idrettsarrangement.

Det kan setjast opp betalingsløyising for parkering.

### § Friområde

Området skal nyttast til leik og rekreasjon. Det er tillate å etablere klatreinnretningar eller liknande sportsinnretningar så sant dei ikkje er til hinder for allmenn ferdsel eller kan skade skogsvegetasjonen i nemneverdig grad. Innretningar skal ha storleik, utforming og farge- og materialbruk tilpassa vegetasjon og konstruksjonar i skisenteret elles.

Det er tillate å leggje til rette for terrengsykling.

### § Grøntareal

Vegetasjonen i området skal takast vare på, på slik måte at det styrkar rekreasjons- og funksjonskvalitetane. Bekkar som renn gjennom området skal så langt som mogleg haldast opne.

Fjerning av vegetasjon (markdekke, busker og trer) er ikkje tillate utover normalt vedlikehald, før det ev. vert gitt igangsetjingsløyve for bygge og anleggstiltak, og kan berre setjast i verk innanfor området løyvet omfattar. Dette gjeld ikkje landbruksområda.

### § Skianlegg

Innanfor formålet kan det etablerast skiløyper og skitrekk. Området kan nyttast til tilkomst til tekniske bygg for skisenteret og for transport av teknisk innretningar til idrettsarrangement. Innanfor areal avsett til rulleskianlegg kan det etablerast asfaltert rulleskiløype.

### § Skiløype

Innanfor areal avsett til skiløype kan det være lysløype og det er tillate å etablere tiltak og anlegg knytt til drift og bruk av området. Irekna be-lysning, terrengtilpassing, snøkanoner osb.

Etablering av trasé skal ha god tilpassing til eksisterande terreng og utførast så skånsamt som mogleg. Fyllingar og skjeringar skal tilpassast eksisterande terreng. Der det er mogleg skal traséar dekkast til med stadlege lausmassar og såast til.

I skisesongen kan det etablerast skiløype i tra-seen. I barmarkssesong kan traseen nyttast til sti- og turveg.

### § Universell utforming/tilgjenge

Høgdeskilnadar i gang samband skal så langt som føremålstenleg ha helling med universell utforming.

### § Bruks- og eigedomsrett

Der skisenteret råkar annan manns eigedom skal det utarbeidast avtale med kvar einiskild rettshavar.

Reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner gjeld over desse avtalane.

## 4.7. Arealdisponering

### 4.7.1. Eigedomstilhøve og idrettsanlegg

Eigedomstilhøve er viktig utover å sikre rett til bruk av naudsynt areal og funksjonar til dagens anlegg, det har også stor tyding for moglegheitene til utvikling av anlegget då det er særskilde krav til disponering av grunn ved søknad om og tildeling av stønadsmidlar. Søkar må ha rett til bruk av grunnen der anlegget skal liggje/vidareutviklast. Retten skal vera stadfesta ved ein av desse formene:

- Tinglyst eigedomsrett
- Tinglyst feste- eller leigerett med varigheit minimum 30 år (10 år ved mindre tiltak, til dømes små nærmiljøtiltak)
- Dersom anlegget er lokalisert på kommunal, fylkeskommunal eller statleg grunn er det tilstrekkeleg med ein avtale av minimum 30 års varigheit.
- For turstiar og skiløyper skal retten vera heimla i avtale for minimum 10 års varigheit, og automatisk fornying for nye 10 år.

Korleis søkjaren er organisert har også tyding for retten til å søkje stønad. I tillegg til, mellom anna, idrettslag i Noregs idrettsforbund, kommunale-, fylkeskommunale og statlege føretak kan aksjeselskap, samvirkeføretak, stiftingar og andre samvirkeforetak søkje dersom dei oppfyller dei gjeldande kriteria.

Det er nyansar og unntak, sjå meir i oppdatert regelverk. Desse reglane kan endre seg, og er til ei kvar tid oppdatert i reglementet for tildeling av spelemidlar.

For mindre anlegg, til dømes Vik skisenter, er det gjerne mest aktuelt å inngå avtaler med dei grunneigarane som er direkte råka av anlegget, i staden for å opprette ei form for samanslutning.

#### **4.7.2. Grunneigaravtaler i Vik skisenter (per 2025)**

I dag eig idrettslaget bygningar og faste installasjonar (asfaltløype, standplass, tribune, skitrekkm.m.) i anlegget, og står både praktisk og økonomisk for all drift av anlegget. Grunnen er eigd av ulike grunneigarar.

Skisenteret er fordelt over mange teigar, med stor skilnad i storleik på både teig og del av skisenteret, noko som kompliserer eigedomstilhøva og administrasjon av desse

Grunneigartilhøva er ordna slik:

- Vik kommune har inngått festeavtale for arealet til skihytta, og leigeavtale med grunneigarane, og betalar for leige. Avtale av 1.3.2006
- Avtalen er transportert til Vik idrettslag. Avtalar av 1.3.2006
- Det er inngått skriftleg avtale mellom kvar grunneigar og Vik idrettslag som har som føremål å definere avtalepartane sine rettar og plikter i samband med drift og bruk av skianlegget.

#### **4.7.3. utfordringar**

I samband med konkrete tiltak som Vik idrettslag har hatt ynskje om å gjennomføra, har det vist seg at avtalane ikkje er avklarande nok i høve til kva Vik idrettslag kan gjennomføre. Konkret gjeld dette ynskje om å etablere permanent gjerde rundt stadion og asfaltdelen av løypa, samt bygging av garasje/lager mellom anna tiltenkt nyinnkjøpt trakkemaskin. I tillegg er det utfordrande at attverande levetid for grunneigaravtalane er for kort til å stette krav i spelemiddelreglementet kring disponering av grunn.


#### **4.7.4. Eigedomstilhøve per 01.01.2025**

Storleik på område og kor viktig det aktuelle området er for skisenteret er vesentleg med tanke på utarbeiding av gode avtalar med grunneigarar. Tabellen nedanfor viser eigedommar som rommar areal for skisenteret, kva del av skisenteret som ligg på teigen, kor stort areal denne eigedomen tilfører skisenteret, kor stor del dette utgjør av skisenteret og av den aktuelle teigen.

Eigedom er i denne samanhengen nytta om teigar/eigedomar vist i kart i *Figur 4.7-2 Eigedomsoversikt*, ikkje totalareal av til dømes ein stor landbrukseigedom.

Gards- og bruksnr.	Skildring	Storleik m2	Areal i skisenteret m2	Del av skisenteret	Del av eigedom
28/1	Rulleski- og vinterløype	73 900	18 000	6,09 %	24 %
28/2	Rulleski- og vinterløype	57 200	11 800	3,99 %	21 %
28/3	Rulleski- og vinterløype	18 700	6 055	2,05 %	32 %
28/4	Rulleski- og vinterløype	64 900	6 875	2,33 %	11 %
28/5	Rulleski- og vinterløype	50 000	9 015	3,05 %	18 %
29/1	Alpinbakke, hoppanlegg	367 430	52 260	17,68 %	14 %
29/2	Vinterløype, litt rulleskiløype	212 320	23 595	7,98 %	11 %
29/4	Vinterløype	186 370	10 830	3,66 %	6 %
29/5	Nabo. Turområde				
30/2	Rulleski- og vinterløype	13 790	7 335	2,48 %	53 %
30/21	Nabo. Massedeponi	40 570			
30/3	Parkering, logistikk, overvasshandtering	2 480	2 480	0,84 %	100 %
30/4	Rulleski- og vinterløype	72 120	12 450	4,21 %	17 %
30/5	Rulleski- og vinterløype	85 780	22 370	7,57 %	26 %
30/6	Rulleski- og vinterløype	62 230	18 305	6,19 %	29 %
30/9	Rulleski- og vinterløype	25 900	13 600	4,60 %	53 %
31/1	Rulleski- og vinterløype, stadion, skytebane	44 200	11 110	3,76 %	25 %
31/4	Nabo søraust				
32/1	Alpinbakke, hoppanlegg, parkering	14 080	12 625	4,27 %	90 %
32/1	Nabo nordaust. Potensielt turområde				
32/2	Nabo nordaust. Potensielt turområde				
32/3	Nabo nordaust. Potensielt turområde				
37/10	Rulleski, stadion, parkering, alpinbakke, hoppanlegg	64 600	34 580	11,70 %	54 %
37/10/1	Bygning	280	280	0,09 %	100 %
37/16	Rulleskiløyper, skytebane, parkering, stadion, tribune	20 850	9 735	3,29 %	47 %
37/7	Rulleskiløyper, skytebane, parkering, stadion, tribune	16 780	12 370	4,18 %	74 %
		1 494 480	295 670	100 %	

Figur 4.7-1 Tabell for eigedomstilhøve



Figur 4.7-2 Eigedomsoversikt. Vedlegg 4

## 4.8. Reguleringsplan og eigedomstilhøve

Sjølv om det blir vedteke ny reguleringsplan, vil eksisterande avtalar mellom partane framleis vera gjeldande. Det må gjennomførast nye forhandlingar mellom Vik IL og kvar grunneigar med utgangspunkt i ein ev. ny reguleringsplan, med sikte på frivillig semje om gjennomføring av aktuelle tiltak. Prosessen fram mot eit resultat er minst like viktig som resultatet i seg sjølv.

Det er Vik kommune, v/kommunestyret, som er vedtaksmynde ved gjennomføring av eventuell oreigning. Ved oreigning er det ikkje berre tilgang til eller overtaking av areal som er aktuelt. Det kan også vera ei oreigning av bruksrett til særskilde aktivitetar/bruk.

## 4.9. Tilråding grunneigaravtalar

På skiforbundet sine nettsider og i vegleiarar for dei ulike idrettsgreinene finn ein informasjon og tips kring temaet. Skiforbundet tilrår at ein opprettar avtalar med utgangspunkt i malar og/eller avtalar som har vist seg å fungere. Ein kan kontakte skiforbundet for å få tilsendt slike.

Det må vera tydeleg kva dei einskilde avtalane omfattar, og kva som er særeige i ulike avtalar. Det må vera samsvar mellom reguleringsplan og innhald, og ev. atterhald, i avtalane. Figur 4.7-1 Tabell for eigedomstilhøve og Figur 4.7-2 kart med eigedomsoversikt kan nyttast for å spesifisere innhald i avtalar.

### 4.9.1. Viktige tema/moment i avtale:

Nedanfor følgjer ei opplisting av ulike problemstillingar og tema som bør omtalast i ein grunneigaravtale. Det er ikkje alle punkt eller skildringar som er aktuelle for alle avtalar, avtalane må tilpassast aktuell teig og bruk.

#### Avtalepartar

*Vik skisenter og grunneigar for gnr./bnr.*

#### Føremålet med avtalen

*«Leggje til rette for eit godt skianlegg med løyper til trening, konkurransar, mosjon og naturopplevingar året rundt, inkludert opparbeiding av asfaltert areal til rulleskiløype og stadion.»*

#### Kva avtalen omfattar

Det må skiljast mellom permanente tiltak, faste installasjonar eller om det er bruk utan inngrep.

*«Skianlegg i denne avtalen omfattar idrettsanlegg/skistadion, langrennsløyper, alpinbakke og hoppbakkar.*

*Avtalen gjeld idrettsanlegg/skianlegg på Kålsete med løyper med og utan lys. Avtalen gir skisenteret rett til på eigen kostnad å bygge og vedlikehalde skiløyper, alpinbakke, hoppbakkar, rulleskiløype, stadionområde, tekniske installasjonar og bygg, som er avklart i godkjend reguleringsplan for området. Avtalen gir skisenteret rett til bruk av arealet heile året.*

*Føresegnene i gjeldande reguleringsplan er styrande for dei inngrep som kan gjerast. Grunneigaren stiller med denne avtalen eit område på om lag ..... daa til disposisjon for skisenteret. Området er del av reguleringsplan for Vik skisenter (vedtaksdato), sjå merking i vedlagt kart/plan.»*

#### Tidspunkt for ikraftsetjing

*«Dato .....*

*Denne avtalen erstattar tidlegare avtale mellom Vik skisenter og grunneigaren, slik at den tidlegare avtalen opphøyrer frå det tidspunktet denne avtalen trer i kraft.»*

#### Leigeperiode, kor lenge, sesong- eller årstidsvariasjonar

*«Denne avtalen gjeld i 40 år og vert forlenga i periodar på 10 år så lenge den ikkje vert oppsagt av Vik skisenter. Grunneigaren har ikkje rett til å seie opp avtalen. Oppseiinga frå Vik Skisenter må i tilfelle gjerast med minst 1 års varsel før utløpet av den til ei kvar tid gjeldande avtaleperiode.*

Dersom det er snakk om tiltak som skal gjerast fram i tid kan ein skildre ikraftsetjing slik:

*Avtalen gjeld frå den dagen utbygginga av idrettsanlegga byrjar. Skisenteret skal gi melding innan utbygginga startar.»*

## Kva rettar partane har

Omsyn til beitedyr, montering og demontering av gjerde, tilkomst med køyretøy, skjøtsel og tiltak/inngrep er døme på aktuelle punkt her. Dersom det er føremålstenleg kan ein skilje mellom alpinanlegg og langrennsanlegg.

«Alle tiltak må vera i samsvar med gjeldande lover og føresegner i gjeldande reguleringsplan.

**Skjøtsel:** Leigetakar har rett til å kviste tre inntil traseen for å halde traséar frie for sjenerande greiner og greiner som hindrar snøfall i løypene. Skisenteret har rett til å hogge og rydde skog og annan vegetasjon langs skiløypene, i det omfang som er bestemt i reguleringsplanen (eventuelt ei fast breidde på buffer/belte langs løypene og i alpinanlegg. Eventuell rydding av skog utover dette skal avtalast særskilt.

Leigetakar har rett til å gjennomføre mindre tiltak i samsvar med reguleringsplan, samt terrenghandsaming, grøfting og dreneringsarbeid som er naudsynt for å halde anlegget i hevd.

Leigetakar har rett til å lagre snø, på føremålstenleg stad, i skianlegget heile året.»

Dersom det er, eller er planar om, større tiltak og faste installasjonar, kan dette til dømes nemast slik:

«Vedlikehald og utvikling: ... samt planere tereng, foreta masseutskifting, asfaltere og elles gjere dei inngrep som er naudsynte for å halde skisenteret i hevd og ev. gjennomføre utbyggingssplan/anleggsplan, i tråd med gjeldande reguleringsplan. Skisenteret kan grøfte og drenere våte parti og legge bekkar i røyr og eventuelt flytte bekkeløp dersom dette er naudsynt for vedlikehald og utvikling av langrennsløypene eller skistadion. Skisenteret kan under detaljprosjektering justera plassering av skianlegg innanfor areal dei disponerer.»

«Tilkomst til anlegg: Skisenteret har rett til tilkomst på eigedomen for å gjennomføre utbygging, drift og vedlikehald av skianlegga. Rett til tilkomst og bruk av leigd område gjeld heile året.

**Lysanlegg:** Leigar skal kunne setje opp lysanlegg til skianlegga slik det er skildra i føresegnene til reguleringsplanen.

**Skilting:** Leigaren har rett til å skilte og merke ski og turløyper, samt setje opp reklameskilt på

innanfor skianlegget. Skilt skal ikkje festast til levande tre.

**Løypekøyning, preparering, kosting:** Leigar kan heile året nytte føremålstenlege maskinelt utstyr for preparering av traséar.

**Omlegging av råka infrastruktur:** Leigetakar skal ta kostnaden med å legge om eksisterande landbruksveg. Landbruksvegen skal vera køyrbar med bil fram til gnr./bnr. Utleigar har ansvar for vedlikehald av ny veg i lag med grunneigane av gnr./bnr. og gnr./bnr.

**Landbruk:** Leigetakar pliktar å sikre at drifta av skisenteret ikkje utgjer ein risiko for beitedyr. Leigetakar skal etablere og vedlikehalde naudsynte gjerde og portar for å sikre forsvarlege tilhøve for dyra og samstundes trygg aktivitet i skianlegget. Leigar kan ikkje fjerne eksisterande gjerde utan avtale med grunneigar.»

## Misleghald

«Ved vesentleg misleghald kan avtalen hevest med 6 månaders varsel. Som vesentleg mislighald reknast brot på denne avtalen.»

## Atterhald

«Dei delane av avtalen som omhandlar utviding av anlegget forutset at anlegga vert bygde, dersom anlegga ikkje vert bygde vil ikkje dei delane av avtalen tre i kraft. Dersom berre nokre av anlegga vert bygde skal avtalen avgrensast til det arealet som vert råka.»

## Når og korleis endringar i avtalevilkåra kan skje

«Endringar i avtalen må skje skriftleg og signert av begge partar. Denne avtalen kan ikkje overdragast utan skriftleg samtykkje frå begge partar.»

## Vilkår ved fornying av avtale

«Avtalen vert vidareført som den er til ny periode, dersom ikkje anna er varsla innan eitt år før utgang av avtalen.»

## Pris og regulering av pris, forskottsvis eller etterskottsvis betaling

«For retten til å disponere det aktuelle arealet til opparbeiding og drift av skianlegga og tekniske

*installasjonar, betalar Vik Skisenter kr. .... per daa/år, sum kr. .... Leiga betalast ..... og skal regulerast etter konsumprisindeksen kvart 5 år, fyrste gong .....*

*Leiga gjeld ... daa. til graskledd langrennstrasé, ... daa. til asfalterte løyper og stadion, samt ... daa til alpintrasé, totalt ... daa.*

*I tillegg skal leigar betale ei eingongs ulempe-erstatning på 50 000 kr for tap av skjerming av hytta til grunneigar. Ulempeerstatninga skal betalast seinast den dagen utbygginga av idrettsanlegget byrjar (dersom nytt tiltak)/den dagen denne avtalen trer i kraft (ved eksisterande anlegg).»*

#### **Rettar og plikter ved eventuelt opphøyr**

*«Ved avvikling av skisenteret skal leigar sørgje for tilbakeføring av eigedom til opphavleg stand, med mindre anna er avtalt.»*

#### **Handsaming av tvistar**

*«Eventuelle tvistar skal søkjast løyst i minneligheit. Der dette ikkje let seg gjera skal tvistar avgjerast ved ... (til dømes ein bestemt domstol).»*

#### **Tinglysing, inkludert fordeling av kostnader med dette**

*Utgifter til tinglysing skal dekkast av leigetakar.*

#### **Ansvar**

*«Asfaltert rullerløype og hoppbakkar skal ikkje kryssast med køyretøy. Grunneigar kan ikkje fylle eller drenere område dersom dette er til ulempe for skianlegget.*

*Grunneigar har ikkje ansvar for vedlikehald av trasear og tekniske installasjonar. Grunneigar er heller ikkje ansvarleg for uhell og ulykker i samband med skisenteret sin aktivitet. Skisenteret pliktar å jamleg rydde avfall og søppel langs traséane, særleg etter kvar sesong.»*

## 5. Utforming av anlegg og status i skisenteret

### 5.1. Generelt

Det er viktig at eit idrettsanlegg treff flest mogleg brukargrupper. Vik skisenter skal mellom anna fremje god folkehelse, då er det viktig at anlegget er aktuelt for flest mogleg. Den største organiserte brukargruppa i dag er dei yngre i aldersbestemte klassar. I Vik IL vert det satsa på breiddeaktivitet, det skal vera mogleg og kjekt å halde på med ulike aktivitetar året rundt.

I stønadsordningar, til dømes spelemidlar og Sparebankstiftinga, er det ofte premissgjevande at tilskotet skal fremje aktivitet for born og unge. Universell utforming vert også ofte vektlagt ved tildelingar.

Universell utforming er å leggje til rette for at alle brukarar (inkludert tilskodarar) skal kunne bruke anlegget uansett funksjonsnivå. Funksjonsevne handlar om alle type utfordringar og behov, både fysisk og mentalt. Ein funksjonsfrisk person med barnevogn er eit døme på ei brukargruppe med fysiske utfordringar og behov for tilrettelagde fasilitetar. Ofte handlar slik tilrettelegging om å alltid ha med seg universell utforming i bakhovudet ved drift og planlegging. Til dømes ved snøbrøyting og plassering av funksjonar, til dømes piknikbord.

### 5.2. Langrennsløyper

I utgangspunktet er det ikkje designkrav til langrennsløyper før ein ynskjer å arrangere konkurransar på høgare nivå, men det er ein del tilrådingar kring kva som vil vera eit godt anlegg for ulike brukargrupper og praktiske retningslinjer for å oppnå eit funksjonelt anlegg med tryggleik for brukarane og gode tilhøve for drift.

Om lag 3 meter eller 5,5 meter er vanleg breidde på trakkemaskiner, i svingar må løypebreidde vera noko meir enn breidde på maskin. Brattare bakkar enn 25% er vanskeleg for både maskiner og langrennsløparar, ved 18% stigning må sjølv dei beste løparane ut i fiskebein

#### 5.2.1. Tilrådingar for løypeutforming

Vegleiaren til utforming av langrenn- og skiskytingsanlegg er under revisjon, den er planlagt publisert i laupet av 2025. Den følgjande oppstillinga av tilrådingar tek utgangspunkt i gjeldande vegleiar. Føremålet med vurdering av

status for utforming av dagens langrennsløyper er å gjera greie for kva utgangspunkt ein har for aktivitet i anlegget, samt moglegheiter for arrangement og utvikling.

#### Born og ungdom opp til 16 år:

- Flatt og breitt asfaltert område for leik og aktivitetar
- Småkuperte løyper for teknikktraining

Status Vik skisenter:

Tilfredsstillande. Gode moglegheiter for leik ved klubbhuset. Langrennsløypene er varierte og det er mogleg å finne høveleg terreng for alle aldrar.



Bilete 5.2-1 Skiskule og skileik. Foto: Vik IL

#### Juniorar

- Oppoverbakkar for intervalltraining
- Småkuperte løyper for teknikktraining

Status Vik skisenter:

Det er oppoverbakkar med ulik stigningsgrad og mogleg å finne høvelege motbakkar for ulike nivå. Langrennsløypene er varierte og det er mogleg å finne høveleg terreng for alle nivå.

#### Andre: Turløparar, nybyrjarar, utøvarar med funksjonsutfordringar

- Lette, flate og rette løyper

- Ingen bratte unnabakkar

Status Vik skisenter:

For dei med kortast rekkjevidde er det mogleg med aktivitet på dei flatare områda kring arena og klubbhus, samt deler av løypetraséane. Dei asfalterte traséane høver svært godt for dei som treng hjul for å komme seg rundt, men løypene er tidvis for bratte til at alle kan klare seg åleine.



Bilete 5.2-2 Fine, slake skiløyper. Foto: Vik IL

### Senior/elite

- Utfordrande oppoverbakkar for intervalltrening
- Lengre, lettare løyper for rolegare trening.

I tillegg er det reglar og standardar for konkurranseløyper: Mellom anna

- Løypelengder
- Breidde på løypene, tilpassa terreng
- Tal og lengd på bakkar i standardiserte kategoriar (A-, B- og C-bakkar).
- Minimum og akkumulert høgdeskilnad
- Utforming av stadion
- Tryggleik. Til dømes fysisk sikring av farlege element langs løypa.

### 5.2.2. Særskilde krav

Særskilde krav i samband med drift av langrennsløyper omfattar i hovudsak bruk av maskiner, til dømes løypemaskin og snøskuter. I Bransjestandard - *lovfestet krav til dokumentert*

«Eigar av skytebane eller skytefelt skal gje instruks for skytebana. Instruksjonen skal førast på

*opplæring av førere av snøprepareringsmaskiner*

Status Vik skisenter:

I møte med Norsk skiskyttarforbund 25.02.2025 gav dei tydelege signal om at løypene i Vik skisenter er gode nok. Med unnatak av eit segment som ikkje er langt nok, her mangla det ein liten stubbe. Dette let seg lett utbetre. Skiskyting, inkludert stadion og skytebane

Det er ikkje skilnad mellom løypene i skiskyting og langrenn, men ein vesentleg skilnad er tilrettelegging og drift av skytebane, samt lagring av våpen. For utforming av langrennsløypene sjå kapittel 5.2

### 5.2.3. Utforming

Tryggleik er premissgjevaren for utforming av skytebaner. Sjå meir om dette i kapittel 5.2.4. I tillegg kjem dei spesifikke krava frå idretten. Vegleiarar til utforming av langrenn- og skiskytingsanlegg er under revisjon, den er planlagt publisert i laupet av 2025.

### 5.2.4. Særskilde krav

Politiet har ansvar for godkjenning av skytebane og våpenlagring, dette er ikkje noko Skiskyttarforbundet kan overprøve.

Våpenlova og tilhøyrande forskrifter er styrande for utforming og drift av skytebaner.

I vegleiarar for skiskyting er det vist til Skytebaneforskrifta «Forskrifter om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner av 1. juli 1988». Denne er utgått og innlemma i våpenforskrifta. Kapittel 8 tek føre seg mykje av det som var gitt i den utgåtte forskrifta.

Idrettslaget må særskilt merke seg § 8-1 til 8-5 i Våpenlova.

I følgje § 8-4 har baneegjar desse pliktene:

«Eigar av skytebane skal halde skytebana i forsvarleg stand og skal føre kontroll av anlegget minst ein gang i året. Eigar skal dokumentere kontrollen av skytebaner på fastsett skjema.»

fastsett skjema og må vere godkjent av politiet før skytebanen takast i bruk.»

«Eigar av skytebane skal trygge at instruksen er kjent og at den vert følgt av dei som brukar skytebana.»

Våpenlova stiller krav til lagring av våpen og ammunisjon. Krav til oppbevaring av våpen er gitt i kapittel 6.

### INTERNKONTROLL

Det frivillige skyttarvesen har utarbeida mal for internkontroll av skytebaner, denne er eit godt hjelpemiddel for trygg og forskriftsmessig drift. Malen ligg som vedlegg til denne rapporten, den kan også lastast ned frå deira heimesider:

<https://dfs.no/info/article/internkontroll-i-skytterlaget>.

Status Vik skisenter:

Vik skisenter har mykje erfaring og gode rutinar for drift av skytebane og tilhøyrande oppgåver. Det vart gjennomført kontroll og påfølgjande godkjenning frå politiet i mars 2025. Ufordringa er å vidareføre erfaring og kunnskap når dagens eldsjeler ynskjer å gi oppgåvene vidare.

## 5.3. Rulleskiløyper - Langrenn og skiskyting

Vik IL ynskjer at Vik skisenter skal vera aktuelt heile året, og ynskjer ikkje gjera skilnad på prioritering mellom rulleski og vinterski. Tilbodet om skiaktivitet utan snø er noko av det som gjer skisenteret spesielt og meir attraktivt.

### 5.3.1. Utforming

Ved utforming av rulleskiløyper kan ein generelt sett ta utgangspunkt til tilsvarende tilrådingar som ved langrennsløyper. For konkurranseløyper er det meir særskilt tilrettelegging. Asfalten må leggjast breiare, særleg i svingar (5-6 meter), oppoverbakkar (6 meter) og på stadion (8 meter). Samt ei tilstrekkeleg stoppsone etter målgang, 70-100 meter.

Rulleskistadion for skiskyting har tilsvarende krav som skiskyting for å oppnå C-lisens. Sjå meir om C-lisens i kapittel 5.4.

### 5.3.2. Særskilde krav

Det er ikkje særskilde krav til rulleskiløyper og tilhøyrande skytebane utover det som er gitt i kapittel 5.2

### 5.3.3. Status Vik skisenter

Status for skytebane er gitt i kapittel 5.1

Rulleskiløypene er i hovudsak i god stand. Det er nokre humpar i asfalten, men ikkje noko som er prekært å utbetre. Grøftene er stort sett gode, men nokre få stader har dei greve seg inn i asfalten. Sjå

Bilete 5.3-4. Dette bør utbetrast snarast mogleg, slik at skaden ikkje vert større og større.

Det er ein del rusk og rot langs løypa, til dømes ymse skilt og bos som må ryddast opp i.



Bilete 5.3-1 Skilt og ymse rot langs løypene. Foto: Norconsult.



Bilete 5.3-2 Bos i skianlegget. Foto: Norconsult

Det er også mange uryddige haugar med restar frå vegetasjonsrydding. Alt dette vert svært synleg når det ikkje er snø, og gir eit mindre profesjonelt inntrykk av anlegget. Trevirke som kan

nyttast til ved bør sorterast ut, resterande kapp kan med fordel flisast og nyttast til forbetring av blaute flater og stiar, eller strøast ut mellom attstående vegetasjon



Bilete 5.3-3 Grøft langs løypetrasé. Dei fleste grøftene er i god stand. Foto: Norconsult



Bilete 5.3-4 Skade på rullerulleskiløype. Foto: Norconsult

## 5.4. C-lisens og nasjonale arrangement

### 5.4.1. Utforming

C-lisens omfattar ei rekkje tekniske og praktiske krav, samt forbundet sine krav til utforming av skiløype, sjå søknadsskjema for c-lisens <https://skiskyting.no/anlegg/c-lisens/>. C-lisens er grunnlaget for å kunne søkje om å arrangere nasjonale renn, sjølv søknaden om arrangement skal «selje inn» anlegget og arrangøren som ein god stad for å utvikle det aktuelle arrangementet.

### 5.4.2. Særskilde krav

Vik IL, ved leiar Oddbjørn Ese og Arve Hønsi og Norconsult hadde møte med Noregs skiskyttarforbund 25.02.2025, for å diskutere problemstillingar kring c-lisens og status i Vik skisenter. Vegar Rolfsrud, breidde- og rekrutteringssjef, og Tobias Thomsen Lund, anlegg- og arrangementskonsulent, møtte frå forbundet. Rolfsrud hadde tidlegare stillinga til Lund, og har soleis god kjennskap til anlegg- og arrangementsarbeid rundt om i landet, inkludert Vik skisenter.

Etter gjennomgang av kriteria for å oppnå c-lisens og nyansane av desse, samt Rolfsrud sin kjennskap til Vik skisenter, meinte forbundet at c-lisens absolutt er innanfor rekkevidde for skisenteret, utan større investeringar. Godkjenninga skal byggje på ei heilskapsvurdering av anlegget der ein veg pluss og minus opp mot kvarandre.

Forbundet er opptekne av at det er flest kvardagar med skiaktivitet, medan nasjonale arrangement ikkje finn stad kvart år og utgjer berre nokre få dagar. Breiddeaktivitet er det viktigaste satsingsområdet.

## 5.5. Søknad om arrangement

Ved tildeling av nasjonale arrangement er det fleire moment som er minst like viktig som c-lisensen i seg sjølv. Ved søknad om å arrangere større arrangement må arrangøren få fram kva som er særskilt bra med anlegget og lokaliteten elles. Til dømes er den heilskaplege opplevinga av eit anlegg/lokalitet vesentleg. Nasjonale arrangement er viktig for idrettslaget, då det genererer gode inntekter, har positiv effekt på rekruttering og motivasjon, samt ringverknadar for

bygda. Dette er også noko av grunnen til at forbundet har ein fordelingsnøkkel for tildeling av arrangement.


### Tilgjenge

Som skildra i kapittel 5.1 er universell utforming ein viktig del av eit godt anlegg. Idrettsanlegg skal, så langt som mogleg, kunne nyttast av alle utan at det må gjerast tilpassingar med sær-eigne løysingar. Dette gjeld også for publikum, dommarar, arrangementsteknisk personell, TV-produsentar osv.

Nedanfor følgjer ei oversikt over tilgjengelege maskiner og utstyr i skisenteret, samt status for desse. Maskinpark og utstyr er ein omfattande del av drifta.

### Oppleving

Korleis brukarane opplever eit anlegg er ein viktig del av kvaliteten til anlegget. Eit anlegg som i tillegg til å vera funksjonelt for den aktuelle bruken vert opplevd som vakkert, hyggeleg og tilpassa landskapet er meir attraktive og dessutan vert brukarane, inkludert dugnads-mannskap, meir opptekne av å ta vare på det. I denne samanhengen er det ikkje snakk om pynt og staffasje, men om godt vedlikehald, omsyn til natur, tilpassing til omgjevnadane og landskapsoppleving.



Bilete 5.5-1 Vinterstemning i Vik skisenter. Foto: Vik IL

## 5.5.1. Status Vik skisenter

### C-lisens

Noregs skiskyttarforbund ytra i møte 25.02.2025 at ved ei heilskapsvurdering er C-lisens innanfor rekkjevidde for Vik skisenter. Det har ved tidlegare arrangement kome merkning på avstand mellom standplass og strafferundar, då det er for stor høgdeskilnad og litt for langt. Denne problemstillinga handlar fyrst og fremst om krav frå TV-produsentar. Rolfsrud var tydeleg på at denne problemstillinga ikkje er noko som veltar godkjenning for c-lisens.

### Kvalitetar

Vik skisenter ligg flott plassert i eit natur- og landbruksområde med utsikt til fjord og fjell, det er eit kompakt, publikumsvenleg anlegg og so-leis ein god arena for arrangement. Per 01.12.2025 var det ein rot og skrot i anlegget. Hoppanlegget er i dårleg stand, det reduserer kvalitets- og heilskapsopplevinga av anlegget.

### Tilgjenge

Avstand og høgdeskilnad mellom parkeringsplass og klubbhus med ulike fasilitetar, samt tilkomst til skiområde utanfor klubbhuset, er god med tanke på universell utforming.

Tilkomst til tribune ved stadion er vanskeleg. Under store arrangement er tilkomst til tribune lagt via bratt, ujamn og graskledd gangsti. Ein kan kome seg til standplass via asfalterte vegar, men det vert då trapp opp til sjølve tribuna.



Bilete 5.5-2 Tilkomst til publikumsområde. Foto: Norconsult



Bilete 5.5-3 Tilkomst til tribune. Foto: Norconsult

## 5.6. Alpinanlegg

### 5.6.1. Utforming

Alpinanlegget er nokså lite, men ypparleg for breiddeaktivitet. Det er ikkje særskilde krav til utforming av anlegg av denne sorten, så sant heis og løyper tilfredsstillar tryggleikskrav. Bransjeforeininga for Norske alpinanlegg og fjelldestinasjonar, har gitt ut ein bransjestandard for lovfesta krav til ansvar og tryggleik i alpine nedfartar (versjon 1.0 oktober 2022).

I eit anlegg som i hovudsak skal tilfredsstillare breiddeaktivitet bør ha gode av- og påstigingsområde, slik at det er enkelt å gå på og av heisen, samt god nok plass til at ein lett kan få hjelp.

Alpinbakkane må vera breie nok til at risiko for kollisjon er liten, sjølv på dagar med mykje folk. Der løypene er bratte bør det vera god plass til at skikøyrarane kan ta breie svingar for å tilpasse fart og helling etter egne dugleikar. 40-50 meter breie løyper kan vera eit godt utgangspunkt.



Bilete 5.6-1 Aktivitet i alpinanlegget. Foto: Vik IL



Bilete 5.6-2 Kveldskøyring. Foto: Vik IL

### 5.6.2. Særskilde krav

#### Konsesjon

Det er ei rekkje krav knytt til drift av alpinanlegg. Både utbygging og drift av skiheisanlegg (skitau, skitrekk, stolheisar og kabinbaner) er konsesjonsbelagt og er underlagd kontroll, jf. Taubaneloven av 22.05.2017. Samferdselsdepartementet har forvaltingsansvar for lovverket, men mykje av ansvaret er delegert til Statens jernbanetilsyn. Statens jernbanetilsyn vil oftast vere aktuell mynde for skiheisanlegg.

Konsesjonsmynde er delegert statsforvaltaren i den aktuelle fylkeskommunen. Konsesjonen er knytt til éin juridisk person, dersom konsesjonen skal overdragast til nokon annan må det søkjast om dette.

#### Tryggleik

Alle anlegg, uansett storleik, må ha eit internkontrollsystem (styringssystem for tryggleik). Eigardrivar av anlegget skal ha eit dokumentert opplegg som sikrar trygg drift, både med tanke på publikum og tilsette. Arbeidsmiljølova stiller krav til HMS. Lova gjeld også for frivillige lag og organisasjonar, og uansett om det er betalt eller dugnadsbasert arbeid.

Det skal utarbeidast eit organisasjonskart for å sikre tydelege ansvarslinjer. I tillegg skal det føreliggje stillingsinstruksar for alt personell, for å sikre forsvarleg drift i alle ledd.

Det kan ha alvorlege konsekvensar om ein ikkje har gode nok instruksar og rutinar, eller om arbeidet ikkje vert utført i tråd med desse. Mykje av vedlikehaldsarbeidet i ein skiheis er risikofyllt, mellom anna arbeid med vendehjul på botnstasjon og master i heistraseen.

Konsekvensane kan vera så alvorlege som i Kjerringåsen skisenter i Sarpsborg, der ein 18-åring døyddde i ei arbeidsulukke.

### Driftsleiar

Anlegget må ha ein sertifisert driftsleiar, det er ein føresetnad for å få driftsløyve. Utan driftsleiar kan Statens jernbanetilsyn kverretje driftsløyvet. På Statens jernbanetilsyn si nettside <https://www.sjt.no/taubane/driftsleder/veileder-om-driftslederrollen/> finn ein vegleiing til krav til driftsleiarrolla. For å oppnå sertifisering må driftsleiararen både delta på kurs og gjennomføre praksis.

Driftsleiararen -

- står ansvarleg for drift av alpinanlegget, både teknisk og operativt
- skal ha fullmakt til å ta alle avgjerder knytt til drifta. Mellom anna opplæring av personell og

innstilling av drift i samband med til dømes dårleg ver.

- er ansvarleg for risikokartlegging

Å vera driftsleiar er eit stort ansvar å ta. Det tek dessutan tid å oppnå sertifisering, samt opparbeide seg erfaring. Dersom driftsleiar er ei lønna rolle kan det vera enklare å rekruttere til stillinga, samt halde på ressursen over lengre tid. Å sikre kontinuitet er eit viktig ledd i tryggleiksarbeidet.

### Tryggleikstiltak i nedfartar

Utgangspunktet er at ein kvar skikøyrar har ansvar for at ein ikkje skader seg sjølv eller andre. Det er utarbeida 10 alpinvettreglar som er rettleiande for den enkelte skikøyraren sitt ansvar. Skisenteret har ansvar for å markere farar i merka nedfartar, farar det ikkje er naturleg å rekne med eller oppdage under normal aktivitet.

# 10 REGLER

for alpine skiløpere og snowboardere

Vanskelighetsgrader ● Veldig lett ● Lett ● Middels ● Veldig vanskelig

<p><b>1 ANSVAR FOR Å UNNGÅ SKADE</b> Du må forholde deg på en slik måte at du ikke er til fare for deg selv eller andre. Du skal til enhver tid ha nødvendig kontroll på ski- og snowboardutstyret ditt. Du er ansvarlig for å unngå at utstyret gjør skade på personer eller annet materiell.</p>	<p><b>6 STOPP I NEDFARTEN</b> Med mindre det er absolutt nødvendig, skal du unngå å stoppe i nedfarten på trange steder eller steder med begrenset oversikt. Etter fall på et slikt sted, skal du bevege deg bort så raskt som mulig.</p>
<p><b>2 AVPASS FARTEN ETTER FORHOLDENE</b> Du må kjøre kontrollert og avpasse fart og kjøremåte etter ferdighet, terreng, vær, føreforhold og trafikk.</p>	<p><b>7 TIL FOTS I NEDFARTEN</b> Er du til fots, må du kun benytte ytterkantene av bakken.</p>
<p><b>3 VIKEPLIKT</b> Den som kommer bakfra har ansvar for å kjøre på en slik måte at en ikke utsetter andre for kollisjon.</p>	<p><b>8 RESPEKTER SKILT OG MARKERINGER</b> Følg skilting, merking og anvisninger.</p>
<p><b>4 FORBIKJØRING OG UTFORKJØRING</b> Du kan kjøre forbi en annen skiløper eller snowboarder forutsatt at vedkommende får tilstrekkelig plass for såvel kontrollerte som ukontrollerte bevegelser. Det er forbudt å kjøre rett utfor, unntatt ved organisert trening.</p>	<p><b>9 HJELP VED ULYKKER</b> Ved skader har enhver skiløper eller snowboarder plikt til å hjelpe.</p>
<p><b>5 STARTE, KJØRE INN ELLER SVINGE OPPOVER I NEDFARTEN</b> Kjører du inn i, eller svinger du oppover i en nedfart, må du påse at dette skjer uten fare for deg selv eller andre. Det samme gjelder for kjøring etter stans.</p>	<p><b>10 IDENTIFIKASJON</b> Ved skader og ulykker har vitner og medvirkende plikt til å oppgi personalia.</p>

 Det er forbudt å oppholde seg i alpinanlegget utenfor åpningstid. Dette kan medføre livsfare da det pågår anleggsarbeid med snøproduksjon og preparering. Alpin skikjøring er forbundet med en viss fare. Rusmidler og skikjøring passer ikke sammen. Overtredelse av alpinvettreglene kan medføre bortvisning fra anlegget.






Figur 5.6-1 Alpinvettreglane

### Krav til førarar av snøprepareringsmaskiner

Dette delkapittelet byggjer på «Bransjestandard - lovfestet krav til dokumentert opplæring av førere av snøprepareringsmaskiner, 2005»

Arbeidsgjevar (Vik skisenter/Vik IL) er ansvarleg for naudsynt og dokumentert opplæring av førarar. Opplæringa skal omfatte både bruk av den konkrete maskina og spesifikke tilhøve ved anlegget. Det skal minimum dokumenterast

- kva arbeidsutstyr det er gitt opplæring på
- kva opplæringa omfatta (så detaljert som mogleg)
- kven som har gitt opplæringa
- kven som har fått opplæringa

Ved tilsetting/verving av førarar med erfaring frå anna anlegg må denne dokumentere opplæring, inkludert anleggsspesifikke tilhøve og kva maskiner og tilleggsutstyr det er gitt opplæring på. Opplæringa må vera overførbart til Vik skisenter sitt opplegg, ev. må føraren få opplæring i manglande moment/utstyr og anleggsspesifikke tilhøve.

### RUTINAR OG DOKUMENTASJON

Vedlikeholdssystemet for eit alpinanlegg er delt i tre:

#### 1. Dagleg kontroll og vedlikehald:

Det skal vere driftsdagbok i eit kvart heishus, merkt med namnet på heisen. Dagleg kontroll og vedlikehald skal følgje skildring i driftsdagboka.

#### 1. Sesongbaserte oppgåver:

Sesongstart, i sesong og sesongavslutning. Vedlikehaldsperm med dokumentasjon, merkt med namn på heisen, oppbevarast hjå driftsleiar, eller delegert person

#### 2. Vedlikehaldsoppgåver med fleire års intervall, eller utan fast intervall: Eige avsnitt, per heis, i vedlikehaldsperm.

### 5.6.3. Status Vik skisenter

System for dokumentasjon av rutinar er på plass, men det er vesentlege manglar når det gjeld å notere det som blir gjort, og halda systemet oppdatert til ei kvar tid.

## 5.7. Hoppanlegg (K25/40/60)

Ved etablering av Vik Skisenter var det behovet for eit hoppanlegg som var mest prekært, og som vart prioritert høgast. Til tross for aktivitet i dei små bakkane i nærmiljøanlegget har det ikkje lukkast å vidareføre eit hoppmiljø. Hoppanlegget er svært lite brukt og har difor eit stort vedlikehaldsetterslep. Som skildra i kapittel 3.2 er det ingen aktive hopparar i Vik IL, idrettslaget ser heller ikkje føre seg at det kjem til å bli særleg rekruttering i nær framtid.

### 5.7.1. Utforming

I tillegg til dei små bakkane i nærmiljødelen av anlegget, inneheld hoppanlegget ein 25-, 40- og 60-metersbakke. 60-metersbakken har ovanrenn i tårn. Sletta i 25, 40- og 60-metersbakkane er bygd opp med ein stor mur.



Bilete 5.7-1 Unnarenn og slette 40- og 60-metersbakke. Foto: Norconsult

15-metersbakken er meir beskjeden og ligg ved botn av skiheisen, i lag med resten av nærmiljøanlegget.



Bilete 5.7-2 Unnarenn 15-metersbakken. Foto: Norconsult

### 5.7.2. Særskilde krav

Det er ikkje same type krav for eit hoppanlegg av denne storleiken som for alpinanlegget, der det er strengt regelverk for drift og vedlikehald. Sjå meir om dette i kapittel 5.6

### 5.7.3. Status Vik skisenter

Styret i Vik IL/skigruppa ønskjer å prioritere ressursbruk, både tid og pengar, på dei delane av anlegget der det er god aktivitet.

I utgangspunktet er ikkje tryggleiksvurdering av konstruksjonar og tekniske installasjonar del av denne rapporten, men nokre tydelege punkt oppdaga ved enkel synfaring av overflater vert skildra. Med tanke på tryggleik er det tårnet og gjerdet på den høge muren som er viktigast å ettersjå og vedlikehalde. Tårnet er i stor grad i god stand, men med nokre bord som er prega av sopp og burde bytast ut. Det er flott utsikt frå toppen av tårnet og det kunne vore ein fin stad brukt i alternative aktivitetar, men konsekvensen av ev. manglande vedlikehald er stor. Derksom Vik IL ikkje ynskjer å prioritere økonomiske- eller dugnadsressursar, som allereie har mange tidkrevjande oppgåver, på hoppanlegget bør ein vurdere å rive ovanrennet.



Bilete 5.7-3 Gjerde på høg mur. Foto: Norconsult



Bilete 5.7-4 Ovanrenn 60-metersbakke. Foto: Norconsult



Bilete 5.7-7 Status underside og trapp. Foto: Norconsult



Bilete 5.7-5 Vedlikehdsetterslep. Foto: Norconsult

Dommarbua er i svært dårleg stand og saneeringsverdig. Dersom det ikkje vert gjort noko med bygget er det høg risiko for skader dersom nokon leikar i eller ved bua.



Bilete 5.7-8 Dommarbu. Foto: Norconsult



Bilete 5.7-6 Status underside. Foto: Norconsult

Sletta tilhøyrande 40- og 60-metersbakken har dårleg drenering, det vert blautt og gjørmete her i barmarkssesongen. Væta gir dårlege vekstvilkår for gras og soleis dårleg beite. Sjå Bilete 5.7-9 Slette for 40- og 60-metersbakke Sletta sluttar i motbakke og det vert ei grop mellom unnarenn og motbakken, der vatnet naturleg samlar seg.



Bilete 5.7-9 Slette for 40- og 60-metersbakke. Foto: Norconsult

#### 5.7.4. Konsekvensar ved nedlegging

Det positive ved nedlegging av hoppanlegget er fyrst og fremst frigjering av drifts- og dugnadsressursar, samt fjerning av potensielt farlege konstruksjonar. I tillegg kan arealet gjerast betre tilpassa bruken elles i anlegget. Det er store mengder stein og lausmassar i vollen som byggjer opp terrenget til sletta. Det vil vera eit stort arbeid å fjerne murane og lausmassane, men det er tilstrekkeleg plass innanfor skianlegget til at massane kan nyttast til terrengjusteringar, til dømes i alpinbakkane.



Bilete 5.7-10 Mur. Foto: Norconsult

Sjølv om nedlegging av anlegget frigjer ressursar til annan drift av anlegget har det også negativ økonomisk konsekvens. Hoppanlegget vart tildelt spelemidlar i samband med bygging av anlegget, 3 x 700 000 kroner.

Som omtala i kapittel 2.2 må spelemiddelfinansierte anlegg haldast i drift i 30 år etter ferdigstilling. Nedlegging av anlegget er definert som fjerning av anlegg eller at anlegget ikkje er i drift. Per definisjon er hoppanlegget i Vik skisenter allereie nedlagt. Dersom anlegget vert lagt ned før det har gått 10 år skal heile spelemiddelsummen betalast attende. Deretter vert summen nedskriven med 20% av stønadssummen for kvart år.

Per 2025 er sum for tilbakebetaling av spelemidlar 385 000 kr for kvart av delanlegga. Totalt 1 155 000. Kvart av delanlegga vert nedskrive med 35 000 kr kvart år.

## 6. Utstyr og maskinpark

### 6.1. Maskiner og tilhørende utstyr

#### Trakkemaskin

- Ny og i topp stand.
- Godt tilpassa bruken for langrenn, og enkel alpinprepping.
- Årleg service
- Garanti er ute.

#### Snøskuter, 2 stk.

- Ein snøskuter treng omfattande service
- Ein som er i grei stand
- 1 stk. slede til skuter
- Service ved behov, service vert utført ved behov hjå lokal bedrift

#### Feieutstyr

- Vik kommune feiar kvar vår, før sesong for rulleski.
- Feiekost til 4-hjuling, slitt og ikkje ideell for denne bruken.

#### Skjeldalfres, 1 stk.

- Løypereiskap som koplast på traktor. Lite i bruk no, men er ei god reserveløysing, og eit alternativ når det skal preparerast andre stader enn Vik skisenter.
- Vert lagra ute.

#### Slådd til skiprepp

- Enkel reiskap.
- Koplast bak skuter for prepping av løype ved lite snø.

#### Rulle til skiprepp

- Koplast bak skuter for prepping av løype ved lite snø.
- Vert brukt kvar sesong.

#### Firhjuling med tilhengar.

- Pr. 01.03.25 er den hjå Vik kommune på service.

### 6.2. Diverse

- 4 km. straumgjerde
- Våpencontainer, ny 2024
- 2 stk. våpenskap.
- 19 stk. skiskyttar våpen
- Skilt

## 7. Bygg og konstruksjonar

Punktet «status» er ei enkel skildring av funksjon og tilstand. Under «vedlikehald» er langsgåande vedlikehaldsoppgåver i normalsesong skildra. «Etterslep/behov» tek føre seg manglar som må utbetrast, vedlikehald som burde vore gjort.

Konstruksjonar tilhøyrande hoppanlegg og alpinanlegg er skildra i delkapitla 5.6 og 5.7.

### 7.1. Fellesfunksjonar

#### Skihytta

Status: Vert nytta som varmestove, samlingslokale og kafé. Klubbhytta rommar også garderober og overnattingsmoglegheiter.

Bygningen er i generelt god stand, men med tanke på universell utforming er det ein del funksjonar som ikkje er tilgjengelege for alle.



Bilete 7.1-1 Inngangsparti. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-2 Eksteriør. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-3 Juleavslutning i skihytta. Foto: Vik IL



Bilete 7.1-4 Kjøken. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-5 Kjøken. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-6 Kjølerom. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-9 Sovesal Foto: Norconsult



Bilete 7.1-7 Garderobefasilitetar. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-10 Sovesal. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-8 Garderobefasilitetar. Foto: Norconsult

Vedlikehold: Reinhold. Jamleg ettersyn av UV-filter, brannalarm og elektrisk anlegg. Så gras og etterfille torv på tak ved behov.

Etterslep/behov: Manglar prosedyrar for ettersyn av UV-filter, brannalarm og el-anlegg. Drikkevatt rett frå elv og går gjennom 1 stk. UV-filter for reinsing. Treng eit strøk beis.

## Lavvo

Status: Vert nytta til samankomstar og varme-  
stove



Bilete 7.1-11 Lavvo. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-12 Peis/grue i lavvo. Foto: Norconsult

Vedlikehald: Rydding. Særskilt ettersyn med  
eldstad og pipe. Halde kledning ved like. Så  
gras og etterfyllte torv på tak ved behov.

Etterslep/behov: Treng eit strøk beis.

## Grindbygg

Status: Vert nytta til garasje for snøskuter. I OK  
stand, men treng eit strøk beis.



Bilete 7.1-13 Grindbygg. Foto: Norconsult

Vedlikehald: Rydding, ettersyn. Så gras og et-  
terfyllte torv på tak ved behov.

## Stadion

Tribunebygg

Status: I OK stand.

Vedlikehald: Rydding. Spyling. Sjekke rekk-  
verk. Halde kledning og terrassebord ved like.

Etterslep/behov: Treng eit strøk beis, bør bei-  
sast snarleg. 2 glas i rekkverket er knust og må  
bytast.



Bilete 7.1-14 Knust glas på tribune. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-15 Tribune. Foto: Norconsult

## Bak standplass

Status: I OK stand.

Vedlikehald: Rydding. Spyling. Halde kledning ved like.

Etterslep/behov: Manglar eit strøk beis, bør beisast snarleg.



Bilete 7.1-16 Tribune og bak standplass. Foto: Norconsult



Bilete 7.1-17 Tribune og bak standplass. Foto: Norconsult

## 7.2. Alpinanlegg

### Heishus

Status: Lite, men i OK stand.

Vedlikehald: Rydding. Halde kledning ved like. Jamleg kontrollere at lovpålagde dokument for rutinar og kontroll ligg på rett stad.

Etterslep/behov: Behov for litt større plass for lagring av utstyr. Treng eit strøk beis og litt småfiksing. Dugnadvakt i heishus er ein jobb som

kan tilpassast til personar med nedsett førlegheit. Ein god platting på utsida for å gi eit jamt underlag og ei større inngangsdør kunne gjort denne jobben meir aktuell for fleire.



Bilete 7.2-1 Heishus. Foto: Norconsult

### Heis

Status: Teknisk i OK stand (i fylgje Vik IL. Tryggleiksvurdering av konstruksjonar og tekniske installasjonar er ikkje del av denne rapporten).

Vedlikehald: Rutinar i følgje særskilde krav skildra i kapittel 5.6.2. I botn av skiheis må gjerde rundt heisinstallasjon haldast ved like. Sikre god drenering i område for påstiging.

Etterslep/behov: Lovpålagt storservice i 2025 på anlegget, kostnad på ca. 600 000,-



Bilete 7.2-2 Botn av skiheis. Foto: Norconsult

## 8. Økonomi

Rekneskapen for Vik Skisenter gjev eit innblikk i den økonomiske situasjonen til anlegget i åra 2021 til 2024. Verksemda kombinerer inntekter frå skitrekk, parkering og utleige med tilskot og sponsoravtalar for å sikre drift og vedlikehald av anlegget. Ein svært stor del av idrettslaget sine sponsorinntekter vert brukt til å balansere direkte inntekter og kostnader frå drifta av anlegget. Her er ei kort forklaring av nøkkeltala frå rekneskapen nedanfor:

### Salsinntekter

Omfattar hovudsakleg inntekter frå skitrekket, parkeringsavgifter, utleige av skihytta og sponsorinntekter frå arenareklame.

### Andre driftsinntekter

Inkluderer mottekne tilskot knytt til kjøp av trakkemaskina i 2022 og 2023, som er blitt fordelt over maskina si avskrivningstid. I tillegg kjem inntekter frå utleige av trakkemaskina til

Statnett i 2024 og til Montal i 2025. Desse inntektene er ikkje med tabellen nedanfor.

### Andre driftskostnader

Omfattar mellom anna kostnader til vedlikehald og reparasjonar, straum, drivstoff, forsikringar, kommunale avgifter og ulike administrative utgifter. Det er verdt å merke seg at vedlikehaldsbehovet har vore aukande, noko som også påverkar kostnadsnivået.

### 8.1. Resultatrekneskap

Som ein ser av rekneskapen, vist i Figur 8.2-1 Rekneskap Vik skisenter, vil aukande vedlikehaldsbehov og reinvesteringar vera belastande for idrettslaget når det gjeld den framtidige drifta av skisenteret.

### 8.2. Investeringar

Ny trakkemaskin vart kjøpt inn i 2022, i forkant av at NM vart gjennomført. Utgiftene på netto 2,4 mill. kroner etter innbyte av eldre maskin er delfinansiert med til saman 1,3 mill. kroner i ulike tilskot.

## Vik Skisenter

### Vik Idrettslag

	2024	2023	2022	2021
Salgsinntekt	218 159	260 222	229 240	152 457
Annen driftsinntekt	134 447	210 547	113 000	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>352 606</b>	<b>470 769</b>	<b>342 240</b>	<b>152 457</b>
Varekostnad	7 723	1 794	1 958	7 066
Avskrivning på varige driftsmidler og immatrielle eiendeler	425 351	404 429	437 736	223 892
Annen driftskostnad	631 647	529 970	569 953	384 004
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 064 721</b>	<b>936 194</b>	<b>1 009 646</b>	<b>614 962</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>- 712 115</b>	<b>- 465 425</b>	<b>- 667 406</b>	<b>- 462 505</b>
Annen finanskostnad	152 414	211 908	195 745	102 830
<b>Netto finansposter</b>	<b>152 414</b>	<b>211 908</b>	<b>195 745</b>	<b>102 830</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>- 864 529</b>	<b>- 677 333</b>	<b>- 863 151</b>	<b>- 565 336</b>

Figur 8.2-1 Rekneskap Vik skisenter

## 9. Drift

### 9.1. Organisering og driftsform

#### 9.1.1. Per 2025

Organisatorisk er det hovudstyret som har ansvar for Vik skisenter, og rekneskapen blir ført som eit eige prosjektrekneskap. Med heimel i lov for Vik IL § 11.4 har hovudstyret utnemnt eit utval som innanfor gjeve mandat har ansvaret for dagleg drift av skisenteret. Hovudstyret i Vik IL har tre representantar i utvalet for Vik skisenter. Leiaren for utvalet skal vera ein av representantane frå hovudstyret.

#### 9.1.2. Alternativ organisering

Med tilvising til den krevjande oppgåva det er for Vik IL åleine å ha alt ansvaret for skisenteret, bør det vurderast om det er grunnlag for ei anna organisering av Vik skisenter. Eit alternativ kan vera å skipa eit eige driftsselskap der Vik kommune, Sogn Sparebank, hovudsponsorar og andre, i lag med Vik IL, går inn på eigarsida. Det må sikrast eksterne tilskot og skapast ein økonomi i selskapet som gir grunnlag for å tilsetja ressursar i fast stilling. Sogn Skisenter AS på Heggmyrane i Luster kommune er døme på selskap med slik organisering.

### 9.2. Omfang

Driftsdagar er heilt og fullt avhengig av snømengd. I 2025 har ikkje alpinanlegg vore i drift pga. snømangel. I 2024 var det 50-60 dagar driftsdagar i alpinanlegget og om lag 1300 besøkande.

### 9.3. Mannskap

Drifta er basert på dugnadsarbeid, med nokre særskilt aktive eldsjeler har bidrege mykje. Vik IL har ambisjonar om å få til ei arbeidsgruppe

med fleire pensjonistar som kan utføra vedlikehald på anlegget. I dag er det innleige av ein pensjonert tømrrar som tek vedlikehald for ein låg timepris (kr 350,- pr. time).

### 9.4. Driftsplan

Årshjul/driftsplanen skal gi ei oversikt over kva tid (årstid/periode/sesong) ulike aktivitetar føregår og kva mannskap det er behov for (mengde og arbeidsoppgåver).

Døme på aktivitetar: Skiskule, organisert trening, kafé, konkurransar, løypekøyring.

#### 9.4.1. Operativ Årsplan

Ein operativ årsplan er eit hjelpemiddel for gjennomføring av driftsplanen. Aktivitetar i driftsplanen vert meir nøyaktig skildra og periodisert.



Bilete 9.4-1 Dugnad i samband med gjerdeoppsettjning. Foto: Vik IL

**9.4.2. Oversikt driftsaktiviteter**

Månad	Aktivitet	Kommentar
Januar	Løypekøyning alpin- og langrennstrase	Til no dugnadsbasert, men løypekøyrarar har fått vederlag på kr. 10 000,- pr. sesong/år.
Februar	Løypekøyning alpin- og langrennstrase	Til no dugnadsbasert, men løypekøyrarar har fått vederlag på kr. 10 000,- pr. sesong/år.
Mars	Løypekøyning alpin- og langrennstrase alpint og langrennstrase	Til no dugnadsbasert, men løypekøyrarar har fått vederlag på kr. 10 000,- pr. sesong/år.
April	Ingen aktivitet	
Mai	Sette opp straumgjerde rundt asfaltløype i langrennstrase.  Sesong for rulleski startar.	Innleige i 2023 og 2024
Juni	Tradisjonelt dugnad av skiskyttargruppa. Rydding av skog/kratt og slått, kosting av rulleskibane, tilsyn med standplass m.m.  Tilsyn av straumgjerde  Sesong for rulleski. Sesong for samling. 2024 og 2025 – MOT samling av NSSF (13 – 16 år)	
Juli	Tilsyn av straumgjerde	
August	Tilsyn av straumgjerde	
September	Tilsyn av straumgjerde	
Oktober	Ta ned straumgjerde	Innleige to siste år
November	Løypekøyning alpin- og langrennstrase	Til no dugnadsbasert, men løypekøyrarar har fått vederlag på kr. 10 000,- pr. sesong/år.
Desember	Løypekøyning alpin- og langrennstrase	Til no dugnadsbasert, men løypekøyrarar har fått vederlag på kr. 10 000,- pr. sesong/år.

Figur 9.4-1 Oversikt driftsaktiviteter

## 10. Skjøtsel og vedlikehold

Skjøtsel er langsgående oppgaver for å unngå etterslep og store vedlikeholdsoppgaver for å hente seg inn att. Omgrepet skjøtsel vert i hovudsak nytta om oppgaver knytt til landskapspleie (slått, skjering av busker og kratt osb.), oppgaver knytt til maskiner, heisanlegg, bygg mm. vert omtala som vedlikehold.













### 10.1. Prioritering og nivå

Drifts-, skjøtsels- og vedlikeholdsoppgaver/område er delt inn i tre nivå/prioriteringar :

	DRIFT	SKJØTSEL	VEDLIKEHALD	ETTERSLEP	STATUS
<b>NIVA 1</b>	Rutinekontrollar av skytebane og heis. Alle oppgaver knytt til tryggleik.	Ofte og meir nøyaktig, til dømes område kring klubbhus og stadion.	Utsifting og reparasjonar som er naudsynte for å oppretthalde funksjonell drift.	Bør utførast snarkast mogleg	Status i Vik skisenter per revisjonsdato av denne rapporten/tabellen.
<b>NIVA 2</b>	Dagleg/jamleg drift i sesong/opningsperiode. Oppretthalde funksjon	Jamleg, men med lågare frekvens og mindre nøyaktigheit.	Jamleg, men ikkje stor konsekvens for funksjonell drift.	Gjerast når det er tilgjengelege ressursar, økonomisk og menneskap.	Status i Vik skisenter per revisjonsdato av denne rapporten/tabellen.
<b>NIVA 3</b>	Oppgaver som er enkle å gjennomføre. Ikkje naudsynt med særskilt nøkkelpersonell.	Område/opp-gåve som i hovudsak skjøttar seg sjølv. Til dømes tilgrensande skog	Oppgåve som sjeldan er naudsynt å utføre. Enkelt tilsyn for å avdekke ev. behov.		Status i Vik skisenter per revisjonsdato av denne rapporten/tabellen.

Figur 10.1-1 Kategorisering av drifts-, skjøtsels- og vedlikeholdsoppgaver

I tilhøyrande skisser er kategoriane vist slik:


		Oppgaver med høg alvorsgrad
		Etterslep nivå 1 (viktigast, hastar mest)
		Etterslep nivå 2
		Skjøtsels/vedlikehaldsnivå 1 (viktigast)
		Skjøtsels/vedlikehaldsnivå 2
		Skjøtsels/vedlikehaldsnivå 3

Figur 10.1-2 Teiknforklaring skjøtselsplan









Figur 10.2-4 Parkeringsareal. Vedlegg 4.

## 11. Utvikling

### 11.1. Bygg

Garasje til trakkemaskin står høgt på ynskje-lista. Det vil gi betre og tryggare oppbevaring av maskin og utstyr, samt betre tilhøve for å utføre vedlikehald. Skråninga nedanfor arena og klubbhus vil vera ei naturleg plassering for garasje. Her kan den byggjast inn i terrenget og den kan enkelt koplust til vass- og leidningsnett.

Det kan vera mindre kostnadskrevjande å leggje garasjen til det flate området ved ovanfor skråninga, men det er uheldig å ta av dette flate arealet. Både med tanke på tryggleik, fleksibilitet og tilgjengeleg areal ved arrangement. I tilknytning til garasje vil det bli rygging og diverse køyring med maskiner, noko som er svært uheldig då det er mykje aktivitet i området kring ski-hytta.



Bilete 11.1-1 Mogleg plassering av garasje. Foto: Norconsult

### 11.1. Snøproduksjon

Skisenteret har dei siste åra opplevd ustabile vintrar med varierende snøtilhøve. Dette har ført til avlyste treningar og arrangement, og redusert bruk av anlegget. Snøproduksjon vil kunne sikre tidleg sesongstart og meir stabil drift, samt betre ressursutnytting av eksisterande infrastruktur.

Ved søknad om større arrangement, som omtala i kapittel 5.5, er det ikkje berre løype- og stadionfasilitetar som spelar inn. Moglegheitene for snøproduksjon vert også vektlagt ved tildeling av arrangement, då det gir meir føreseielege føresetnadar for planlegging og gjennomføring.

#### 11.1.1. Omfang av anlegg

Snøproduksjonssystemet er i hovudsak ei snøkanon, flyttbar eller stasjonær, pumpe- og røyr-system. Snøkanonane er det mest synlege av produksjonsanlegget, men utgjer berre ein liten del av totalen. Grøfter og røyr for vassstilførsel er som regel den mest omfattande delen. I kva grad ein skal ha grøfter med nedgravne røyr er i hovudsak eit spørsmål om økonomi.

Det er dyrt å grave grøfter, men det er tryggare med skjulte røyr enn røyr som ligg på overflata. Det er vanleg å nytte galvaniserte stålør, 4 – 10" eller støypejernsrøyr.

Dersom ein nyttar røyr på overflata må desse merkast og sikrast godt for å hindre påkøyrslø, både med tanke på tryggleiken til skikøyrarar og øydelegging av maskiner. Røyra vil dessutan vera godt synlege i barmarkssesongen og vera meir utsette for herverk. Det kan vera ei utfordring å halde overflaterør frostfrie ved kalde vintrar.

Eit overflatesystem er mykje rimelegare og er meir fleksibelt med tanke på ev. endringar på systemet. Med ei mobil snøkanon kan ein leggje til rette med slangar fleire stader i anlegget og flytte snøkanona mellom desse.



Bilete 11.1-1 Mobil snøkanon. Foto: Leverandør «Snowmakers»

#### 11.1.2. Vasstilførsle

Snøproduksjon er svært vasskrevjande. Ei midtels stor viftkanon forbrukar så mykje som 1-8 liter vatn i sekundet.

Dersom ein tek vatn frå det kommunale nettverket kan det redusere kapasiteten på nettverket,

dessutan held dette vatnet nokså høg temperatur og aukar soleis kostnadane på produksjonen. Vatn frå innsjøar og elver har lågare og meir gunstig temperatur.

Vik skisenter ligg nær vassdrag og det er mogleg å hente vatn med mange fallmeter ned til aktuell produksjonsstad slik at det vert godt trykk i vassstilførsle. Godt trykk er avgjerande for effektiviteten i anlegget. I tillegg til fallmeter er lengde på slangar og røyr vesentleg, lange slangar/røyr gir eit stort friksjonstap og reduserer trykket. 100 meter slange er ikkje noko problem.

### 11.1.3. Løyve

Det må alltid gjevast løyve frå grunneigar og kommune før ein kan hente vatn. I tillegg er det som regel særskilde krav til minstevassføring i elvar, av omsyn til fauna og fiskeliv.

### 11.1.4. Snølagring

Snølagring er nyttig i anlegg der ein har varierende vintrar, og tidvis lite snø. Det er enklare å lagre kunstsnø enn natursnø, då dem kjemiske

samansettinga av kunstsnø er betre eigna for lagring. Snø som skal lagrast kan vera ein naturleg del av anlegget, til dømes i store hopp i parken (snøpark for ski og snøbrett).

Det kan vera veldig mykje arbeid å ta att vinterlagra snø og fordele den ut i løypene, men med gjennomtenkt logistikk kan det vera heilt overkommeleg. Dersom ein i hovudsak produserer snø i botn av alpinanlegget og ved skistadion kan ein flytte og fordele snø utan at ein må jobbe over store avstandar og høgdeskilnadar.

### 11.1.5. Kostnadsestimat etablering

Dette er eit grovt estimat for etablering, med utgangspunkt i erfaringsprisar.

Post	Merknad	Lågt estimat	Høgt estimat
Mobil snøkanon (viftekanon) Standard puma	Avhengig av modell, kapasitet og automatikk. Brukt/ny	300 000 kr	650 000 kr
Pumpe og vassinntak, røyr på bakken	Mobil pumpe med slangar eller røyr frå nærliggjande vasskjelde. Fleksible røyrssystem, ikkje nedgravne	100 000 kr	200 000 kr
Straumtilkopling og kabling	400V trefasa, eventuelt med aggregat	30 000 kr	50 000 kr
Arbeid og installasjon. Transport og logistikk. Løyve og dokumentasjon	Grunnarbeid, oppstilling og tilpassing. Frakt av utstyr og maskinar til anlegget. Søknadar, miljøvurderingar, ev. konsesjon	80 000 kr	150 000 kr
Sum		510 000 kr	1 050 000 kr
Ikkje forutsette kostnadar (15%)		76 500 kr	157 500 kr
<b>Totalt</b>		<b>586 500 kr</b>	<b>1 207 500 kr</b>

Figur 11.1-1 Kalkyle etablering av snøproduksjonsanlegg

### 11.1.6. Kostnadsestimat drift

Dette er grove estimat og vil variere med temperatur, luftfukt, utstyrstype og lokale forhold. Basert på informasjon frå leverandørar og Ski-forbundet sin vegleiar, kan ein estimere driftskostnad for ei typisk mobil snøkanon slik:

#### Straum

Straumpris på om lag 1,50 kr/kWh:

30–37,50 kr per time, 720–900 kr per døgn (ved kontinuerleg drift).

#### Vatn

Vassforbruk: Lita maskin 40 l/minutt, stor maskin 600 l/minutt, opptil 36 000 liter/time eller 864 000 liter/døgn. Dersom vatnet kjem frå elv eller tjern, er kostnaden låg, men det kan vere naudsynt med pumpeanlegg og filtrering.

#### Andre kostnadar

- Vedlikehald og service
- Forsikring og slitasje
- Arbeidstid

<b>Estimert døgnkostnad</b>	<b>Lågt estimat</b>	<b>Høgt estimat</b>
Straum	kr 750	kr 1 500
Vatn (pumpe/vedlikehald)	kr 200	kr 500
Arbeid og tilsyn	kr -	kr 1 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 950</b>	<b>kr 3 000</b>

*Figur 11.1-2 Estimert døgnkostnad for drift av snøproduksjonsanlegg med éi snøkanon (mobil viftekanon)*

## 12. Alternative aktiviteter

Eit anlegg som kan nyttast av flest moglege brukargrupper gir mest aktivitet, noko som også gir god ressurs- og arealutnytting. Dessutan er dette moment som ofte vert vurderte ved søknad om stønadsmidlar.

### 12.1. Sykkel

Tilrettelegging for BMX-sykling, pumptrack og stisykling kan gjerast med forholdsvis enkle grep. Til dømes kan unnarenet i hoppbakken vera ein god spanande arena for BMX-bane eller pumptrack. Stisykling utanfor etablerte løypetraséar og arena kan bli utfordrande på grunn av beitedyr i sommar- og haustsesongen.

### 12.2. Frisbeegolf

Området er også godt eigna for mellom anna terrengløp/teining, orientering og frisbeegolf. Det er allereie mange gode stiar i anlegget, nokre av dei er til dels grodd att og våte, men det kan betrast med enkle grep.

Tilrettelegging for frisbeegolf krev heller ikkje særlege terrengingrep, her det i hovudsak snakk om å setje opp korgar (desse utgjer det same som «hol» på ei golfbane).



Bilete 12.2-1 Døme på korg til discgolf. Bilete henta frå <https://vestlia.no/aktiviteter/frisbeegolf/>

### 12.3. Stiar og turveggar

Det er allereie mange stiar i anlegget, nokre er tydelege medan andre er meir som sauetrakk. Dersom ein ryddar litt vegetasjon og grøftar der stiane er våtast, kan ein få eit flott nettverk av stiar. Trening og mosjon i naturlege rundløyper er ein lågterskelaktivitet som er aktuelt og kjekt for mange. Aktiviteten er allereie utbreidd i skisenteret. Nokre av dei asfalterte løypene har universell utforming og er eit viktig tilbod for brukargrupper med nedsett rørsleevne.

I tillegg kan ein arrangere lokale konkurransar i terrengløp, eller stafett med både løp og rulle-ski, til dømes i samarbeid med orienteringsgruppe eller friidrett.



Bilete 12.3-1 Stiar i Vik skisenter. Foto: Norconsult

### 12.4. Naturløyper

Vik skisenter som tur- og aktivitetsområde i bar-markssesongen kan gjerast meir attraktivt for dei yngre brukargruppene ved å lenkje stiar og turveggar saman ved «snarveggar» med ulike hinder gjennom skog og ulendt terreng.



Bilete 12.4-1 Døme på naturløype frå Holmlia aktivitetssløype, i Oslo. Fotograf: Bymiljøetaten, Oslo

## 13. Berekraft/klima

### 13.1. Temperatur, nedbør og skidagar

Forskningsprosjektet ClimTour, i regi av Norsk klimaservicesenter, har sett på korleis klimaendringar påverkar kor mange dagar med snøfall og tal skidagar. Éin skidag vert definert som ein dag med minimum 30 cm naturleg snø på bakken. Endringane er skildra ut frå referanseperioden 1971-2000 fram til år 2100. Det er gjort utrekningar ut frå temperatur på det lågaste punktet i anlegget. Det er gjort utrekningar for ei rekkje skisenter i Noreg, mellom anna Myrkdalen skisenter og Sogndal skisenter. Desse skisentera kan, samla sett, gi eit bilete av korleis klimaendringar kan påverke Vik Skisenter.

Det er vist to ulike scenario:

Middels utslipp: klimagassutsleppa er stabile eller svakt aukande fram til år 2040, og deretter minke fram mot 2100.

Høgt utslipp: klimagassutsleppa aukar kontinuerleg mot 2100, eit realistisk scenario dersom det ikkje vert gjort reduserande tiltak i verda.

Resultata frå studien er vist i skildrande grafar i TV2-artikkelen «Vintersportens siste dagar», frå 2024.


#### 13.1.1. Myrkdalen

Botn av Myrkdalen skisenter: om lag 450 moh.

Botn av Vik skisenter: om lag 520 moh.


#### \* Vintertemperatur:

Temperaturen ved Myrkdalen Fjellandsby kommer til å øke med mellom 2.3 og 4 grader innen år 2100.



Figur 13.1-1 Vintertemperatur Myrkdalen

#### ✂ Skidager



Figur 13.1-2 Skidagar Myrkdalen


### 13.1.2. Sogndal Skisenter

Botn av Sogndal skisenter: om lag 485 moh.

Botn av Vik skisenter: om lag 520 moh.


#### ❄ Vintertemperatur:

Temperaturen ved Sogndal Skisenter - Hodlekve kommer til å øke med mellom 2.2 og 3.8 grader innen år 2100.



Figur 13.1-3 Vintertemperatur Sogndal skisenter

#### ⛷ Skidager



Figur 13.1-4 Skidager Sogndal skisenter

## 13.2. Utslepp

NRK publiserte i utgangen av 2023 ein artikkel om utslepp knytt til dei ni største elitelandslaga i vinteridrett. Utrekningane, henta frå verktøyet Green Producers Tool, viser livslaupsutslepp, altså heile syklusen knytt til aktiviteten. Utslepp per utøvar er irekna reising, produksjon og distribusjon av utstyr, støtteapparat, vedlikehald mm. Per utøvar ligg skiskyting på fjerdeplass med 13,5 tonn CO<sub>2</sub>.

Klimagassutsleppet i Noreg, fordelt på innbyggjarar, er 7,1 tonn per 2023. Noko som er langt

over det globale gjennomsnittet på 4,7 tonn. (Tal frå «Global Carbon Project»). Dette klimagassregnskapet inkluderer ikkje utslepp frå ski og fly i internasjonal trafikk.

Reise til skidestinasjonar lenger sør i Europa er utbreitt, og genererer mykje utslepp i samband med transport. Skianlegga i dei europeiske Alpane vil truleg bli hardare råka av klimaendringane.

Denne utviklinga viser kor viktig det er å satse på idrett i lokalsamfunnet. I tillegg kan trenden føre til auka aktivitet innanfor landegrensene, fordi færre nordmenn reiser til andre anlegg.

## 14. Samanfating, konklusjonar og tilråding

Vik skisenter er eit viktig idretts- og friluftsanlegg for Vik kommune, med stor verdi for både organisert og uorganisert aktivitet. Anlegget har eit breitt spekter av fasilitetar og brukarar, og spelar ei sentral rolle i folkehelse, rekruttering til idrett og sosialt fellesskap. Samstundes står skisenteret ovanfor store utfordringar.

### 14.1. Utfordringar

#### 14.1.1. Drifts- og organisasjonsutfordringar

Anlegget driftast av Vik IL med stor frivillig innsats, det gir samhald og sterk lokal forankring, men er samstundes utfordrande på grunn av stor slitasje på eldsjeler og gjer drifta sårbar. Det har vist seg vanskeleg å rekruttere til dugnadsarbeid, noko som fører til mykje arbeid og ansvar på nokre få personar.

Dårleg rekruttering gir mangel på kontinuitet i kompetanse, då fleire av dagens eldsjeler etter kvart er på veg ut av sine roller. Manglande kapasitet og kompetanse gjer det vanskeleg å oppretthalde dagens aktivitetsnivå. Drifta er ikkje berekraftig på sikt utan endringar i organisering og finansiering.

#### 14.1.2. Økonomiske utfordringar

Drifta går med årlege underskot på mellom 500 000 og 1 million kroner, noko som er økonomisk tyngjande for Vik IL. Store deler av sponsorinntektene går med til å dekke underskotet, og det er lite rom for nye investeringar utan ekstern støtte. Ein er heilt avhengig av dugnad og sponsorinntekter for å halde drifta i gang.

I tillegg til økonomiske utfordringar i dagleg drift er det behov for store reinvesteringar i alpinanlegget og kostnadar knytt til nedlegging av hoppanlegg.

Sjå tabell på neste side.

#### 14.1.3. Tekniske og fysiske utfordringar

Hoppnanlegget er i dårleg stand og lite brukt, det vurderast difor nedlagt. Det er behov for ny garasje til trakkemaskin og betre lagringsfasilitetar. Tidvis snømangel gjer vintersesongen

sårbar utan snøproduksjonsanlegg, i aukande takt med klimaendringane.

#### 14.1.4. Formelle og juridiske utfordringar

Utdatert reguleringsplan og gamle grunneigaravtalar avgrensar moglegheitene for utvikling. Grunneigaravtalar er uklare og har for kort levetid til å møte krav for støtteordningar. Manglande avklaringar gir usikkerheit ved nye tiltak.

Oversikt kostnader						
Type kostnad	Post	Aktivitet	Mannskap	Naudsynte kostnader for vidare drift	Vedlikehold	Utvikling
Naudsynte kostnader	Alpinanlegg	Lovpålagt service på skihelis	Profesjonelt	kr 600 000		
		Nedlegging 25-metersbakke. Tilbakebetaling av spelemidler		kr 385 000		
		Nedlegging 40-metersbakke. Tilbakebetaling av spelemidler		kr 385 000		
		Nedlegging 60-metersbakke. Tilbakebetaling av spelemidler		kr 385 000		
	Riving av anlegg. Deponering av materiale. Ev. leige av maskiner.	Dugnad				
	Sum			kr 1 755 000		
Innhenting vedlikeholds-etterlep	Vedlikeholdsgruppe	Planlagt og førefallende vedlikehold	Per år 5 mann*20 timar à kr. 350.	kr 35 000		
	Løypeøyring vinter	Løypeøyring langrenn og alpinbakke. Inkludert fjelløyper	3 pers à kr. 10 000	kr 30 000		
	Alpinanlegg	Driftsansvarleg alpinanlegg		kr 100 000		
	Tribune	Beise 500 m2 + skifte glas	Dugnad		kr 45 000	
	Lawo	Beise 30 m2	Dugnad		kr 2 000	
		Beise 90 m2	Dugnad		kr 5 000	
	Heishus	Utbetne lagring	Dugnad		kr 30 000	
		Sum			kr 35 000	
		Beise 35 m2	Dugnad		kr 2 000	
		Byte ut skitt. Utstyr	Montering vedlikeholdsgruppe		kr 15 000	
Utvikling		Grunnarbeid, graving, planering og drenering				kr 75 000
		Betongarbeid				kr 225 000
		Tømrarbeid				kr 325 000
		Målararbeid				kr 75 000
		Port				kr 50 000
		Sum				kr 750 000
		10% kalkyleusikkerheit				kr 75 000
		Sum entreprisekostnad				kr 825 000
		Prosjektering 10%				kr 82 500
		Sum prosjektkostnad				kr 907 500
		Maskin, snøkanon, pumpe				kr 550 000
		Grunnarbeid				kr 100 000
		Røyr/slangar				kr 100 000
	Sum				kr 750 000	
	Discgolf	Etablering av nybjrjarbane, 9 hol. Kr. 10 000 per hol.	Planlegging av bane og montering av utstyr på dugnad			kr 90 000
	Stinettverk	Vegetasjonsrydding. Utbetring av gjørmete parti ved bruk av filis frå vegetasjonsrydding. Utstyrskostnad.	Dugnad			kr 5 000
<b>Delsum</b>				kr 1 920 000	kr 99 000	kr 1 752 500
<b>Totalt</b>				<b>kr</b>	<b>3 771 500</b>	

Figur 14.1-1 Oversikt kostnader. Vedlegg 13.

## 14.2. Optimalisering

### 14.2.1. Redusere dugnadsslitasje

Etablere arbeidsgrupper med spesifikke ansvarsområde (t.d. vedlikehald, arrangement, kafé). Vurdere løna deltidsstillingar for nøkkeloppgåver

Lage eit årshjul/ driftsplan som viser kva oppgåver som må gjerast når, og av kven:

- Samordne dugnadsinnsats betre gjennom planlegging og fordeling. Standardisere rutinar for drift og vedlikehald for å unngå dobbeltarbeid.
- Bruke vaktlister og digitale verktøy for å fordele oppgåver jamt.

Prøve å rekruttere fleire frivillige ved å gjere det lett å bidra, t.d. korte vakter, fleksible oppgåver og synleggjere at alle bidrag tel, også små. Tilby små gode eller fordelar, som gratis heiskort, mat, eller klubbklede.

Dokumentere erfaringar og kunnskap slik at det ikkje forsvinn når eldsjeler gir seg. Lage tydelege rutinar og opplæring for nye frivillige.

### 14.2.2. Effektivisering av drift og vedlikehald, og redusere kostnader

Prioritere vedlikehald etter kritisk funksjon og tryggleik.

Avvikle lite brukte deler av anlegget, som hoppanlegget, for å frigjere vedlikehaldsressursar og investeringsbehov.

Forhandle fram langsiktige og tydelege avtalar for å unngå juridiske og økonomiske usikkerheit. Samt samle fleire avtalar i ein felles struktur for enklare administrasjon.

Vurdere leasing eller samarbeid ved framtidige investeringar i maskiner for å unngå å binde opp mykje kapital.

### 14.2.3. Utarbeide gode avtalar

Utarbeide mal for generell del i grunneigaravtalar, slik at ein sikrar like føresetnadar for dei ulike områda, samt enklare forvaltning av avtalane. I tillegg må det vera ein spesiell del i avtalane, tilpassa dei einskilde tomtene. Det er store skilnadar mellom teigane kor inngripande tiltaka er.

Figur 4.7-1 Tabell for eigedomstilhøve og oversiktskart i Figur 4.7-2, Eigedomsoversikt, gir eit tal- og kartfesta grunnlag for utarbeiding av den spesielle delen.

## 14.3. Framtidsutsikter

Vik skisenter har eit solid fundament og stort potensial, men det krev målretta innsats og samarbeid for å sikre ei berekraftig framtid.

For å sikre vidare drift og utvikling bør det utarbeidast ny reguleringsplan og oppdaterte grunneigaravtalar som kan opne for meir fleksibel drift og bruk, irekna strategisk satsing på inntektsgivande aktivitetar/arrangement. Satsing på Vik skisenter sin spesialitet, snø på fjellet og turre luleskiløyper i skisenteret, kan vera eit godt kort dersom klimascenarioa med færre skidagar vert ein realitet.

Det bør vurderast ei ny organisering av drifta, til dømes gjennom eit eige driftsselskap med fleire aktørar på eigarsida. Med rett satsing og samarbeid kan skisenteret bli ein berekraftig og framtidretta arena for idrett og folkehelse i Vik.

## 15. Grunnlagsmateriale, kjelder, vegleiarar

### 15.1. Skytebane og våpen

- Skyteanlegg: "Skytebaner – Veileder for planlegging av skytebaner", V-1011 – 2019
- Våpenlova: <https://lovdata.no/lov/2018-04-20-7>
- Våpenforskrifta: <https://lovdata.no/forskrift/2021-05-07-1452>
- <https://www.skyting.no/wp-content/uploads/2015/10/forskrifter-skytebane-innhold.pdf>
- Retningslinjer for behandling av saker etter våpenlova (2022)

### 15.2. Alpinanlegg, særskilt ansvar

- <https://alpinogfjell.no/skisikkerhet>
- Bransjestandard - lovfestet krav til dokumentert opplæring av førere av snøprepareringsmaskiner, 2005
- Ansvar og sikkerhet i alpine nedfarer – Versjon 1.0, oktober 2022
- <https://www.godeidrettsanlegg.no/veileder/veiledning-til-nytt-regelverk-taubaner>

### 15.3. Utforming

- c-lisens: <https://skiskyting.no/anlegg/c-lisens/>.
- Internasjonale reglar og grafiske malar: <https://skiskyting.no/wp-content/uploads/2020/05/IBU-OC-Guide-lines.pdf>
- Vegleiar langrenns- og skiskytingsanlegg: Skianlegg, V-0688 –2007 <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kkd/idrett/skianlegg-veileder-7mars2007.pdf> (Denne er under revisjon, ny vegleiar er planlagt publisert ila. 2025)
- [Huskeliste for utbygging – Norges Skiskytterforbund](#)

- Rulleskiløyper – Langrenn og skiskyting. V-0998 (2016) Kulturdepartementet
- Snowboard- og freeskipark i alpinanlegg – Planlegging og bygging", V-1005 – 2019
- Skianlegg – Hopp, V-0983 – 2015

### 15.4. Universell utforming

- Tilrettelegging av turveier, løyper og stier V- 0939B (2008) Kultur- og kirkedepartementet
- Rettleiar om universell utforming i planlegging, juni 2021
- Universell utforming:” Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg”, V-0511 B – 2012

### 15.5. Tilskot

- Spelemidlar: Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2024 (V-0732 B)
- Søknadsskjema, vilkår og krav, informasjon om tilskotsprosess: [Anleggsregisteret.no](https://anleggsregisteret.no)
- [Tilskudd.no](https://tilskudd.no) – Statlige tilskudd til frivillige organisasjoner
- [Anlegg for idrett og fysisk aktivitet – Tilskudd.no](#)
- [Oversikt over støtteordninger | Frivillighet Norge](#)

### 15.6. Arrangement

- <https://dokumentasjon.skiskyting.no/docs/arrangorhandbok/soknad-og-tildeling-av-renn/>
- [Arrangørhåndbok | Norges Skiskytterforbund](#)
- [Vil din klubb arrangere nasjonale arrangement? – Norges Skiskytterforbund](#)

### 15.7. Snøproduksjon

- <https://www.nve.no/vann-og-vass-drag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/vannuttak-og-fysiske-inngrep-i-vassdrag/vannuttak-til-snoeproduksjon/>
- Snøproduksjon og snøpreparering v-0965-2014

### 15.8. Formelle planar

- Til ei kvar tid oppdatert: Kommune-kart.com

### 15.9. Lenkjer

- Idrettspolitikk: [Idrettspolitikken - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

### 15.10. Grunnerverv

- Informasjon og råd kring grunnerverv: <https://www.skiforbundet.no/ansleggsweb/fra-ide-til-drift/grunnerverv/>

### 15.11. Gode idrettsanlegg

- Samleside for publikasjonar om idrettsanlegg: [Publikasjoner om idrettsanlegg - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)
- Eksempel på gode idrettsanlegg, handbøker om utforming og vegleiing til gode prosjektløp: [godeidrettsanlegg.no](https://www.godeidrettsanlegg.no)

**Figurliste**

Figur 1.1-1 Oversiktskart .....	7
Figur 1.1-2 3D-kart Vik skisenter .....	7
Figur 2.1-1 Stadionområde. Foto: Bystøl AS .....	9
Figur 2.1-2 Oversiktskart Vik Skisenter .....	9
Figur 2.2-1 Kalkyle frå 2006.....	10
Figur 3.2-1 Oversikt bruk av skisenteret.....	14
Figur 4.2-1 Utklypp frå kommunedelplan vedteken 2024-11-04. Henta frå kommune kart.com 2025-02-24 ..	16
Figur 4.3-1 Utklypp frå plan for friluftsliv. Henta frå kommune kart.com 2025-02-24.....	17
Figur 4.4-1 Gjeldande reguleringsplan for Vik skisenter .....	18
Figur 4.7-1 Tabell for eigedomstillhøve .....	21
Figur 4.7-2 Eigedomsoversikt. Vedlegg 4.....	22
Figur 5.6-1 Alpinvettreglane.....	32
Figur 8.2-1 Rekneskap Vik skisenter .....	42
Figur 9.4-1 Oversikt driftsaktivitetar .....	44
Figur 10.1-1 Kategorisering av drifts-, skjøtsels- og vedlikehaldsoppgåver .....	45
Figur 10.1-2 Teiknforklaring skjøtselsplan .....	45
Figur 10.2-1 Vik skisenter, registrering. Vedlegg 1. ....	46
Figur 10.2-2 Skjøtsel- og vedlikehaldsoppgåver. Vedlegg 2. ....	47
Figur 10.2-3 Skjøtsel- og vedlikehaldsoppgåver. Vedlegg 3 .....	48
Figur 10.2-4 Parkeringsareal. Vedlegg 4.....	49
Figur 11.1-1 Kalkyle etablering av snøproduksjonsanlegg.....	51
Figur 11.1-2 Estimert døgnkostnad for drift av snøproduksjonsanlegg med éi snøkanon (mobil viftekanon)	52
Figur 13.1-1 Vintertemperatur Myrkdalen.....	54
Figur 13.1-2 Skidagar Myrkdalen .....	54
Figur 13.1-3 Vintertemperatur Sogndal skisenter.....	55
Figur 13.1-4 Skidagar Sogndal skisenter .....	55
Figur 14.1-1 Oversikt kostnadar. Vedlegg 13. ....	57

**Vedlegg**

Vedlegg 1. Skisse L-001 Registrering og oversikt Vik skisenter
Vedlegg 2. Skisse L-002 Skjøtsel og vedlikehald
Vedlegg 3. Skisse L-003 Skjøtsel og vedlikehald
Vedlegg 4. Skisse L-004 Skisse med eigedomsoversikt
Vedlegg 5. Skisse L-005 Parkering
Vedlegg 6. Operativ årsplan
Vedlegg 7. Internkontroll skyttarlag
Vedlegg 8. Gjeldande reguleringsplan per juni 2025
Vedlegg 9. Tilgrensande reguleringsplanar
Vedlegg 10. Døme føresegner i aktuell reguleringsplan
Vedlegg 11. Døme grunneigaravtale
Vedlegg 12. Registreringsskjema C-lisens
Vedlegg 13. Oversikt kostnadar